




STRYN KOMMUNE

# HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN



STRYN  
**2020-2023**



Ansvarleg redaktør: Stryn kommune

Besøksadresse:  
Tonningsgt. 4  
6783 Stryn

Telefon: 57874700  
E-post: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: [www.stryn.kommune.no](http://www.stryn.kommune.no)



STRYN KOMMUNE

## Innhald

Rådmannen si innleiing .....	7
Rettleiing til økonomiplanen .....	9
Forslag til vedtak .....	12
Plangrunnlaget .....	15
Visjon .....	15
Verdiar .....	15
FN sine berekraftsmål .....	15
Økonomi .....	16
Samanhengen mellom plansystemet og økonomiplanen.....	18
Kommuneplanen sin målsetjing .....	19
Strategi for å nå mål .....	21
Stategier .....	21
Status og rammevilkår .....	24
Økonomiske nøkkeltal - ambisjon .....	24
Statsbudsjettet .....	24
Sentrale inntekter i budsjettframlegget.....	27
Netto driftsramme pr. sektor i budsjettframlegget .....	27
Finans og lånegjeld .....	27
Folketalsutvikling.....	28
Demografi.....	28
0 - åringar .....	29
Barnehage (1-5 år).....	29
Grunnskole (6-15 år) .....	30
Videregående (16-19 år) .....	30
Voksne (20-66 år) .....	31
Eldre (67-79 år).....	32
Eldre (80-89 år).....	32
Eldre (90 år og eldre).....	33
Investeringar i økonomiplanen .....	34
Andre investeringar .....	34
Sjølvkost .....	35
Andre investeringar.....	35
Sentraladministrasjon .....	35
Teknisk.....	37

Selvkost.....	39
Teknisk.....	39
Oversikt Investering og finansiering.....	40
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter .....	41
Netto lånegjeld i kroner per innbygger .....	42
Budsjettvedtak .....	43
1A Bevilgningsoversikt - drift .....	43
1B Bevilgninger - drift.....	44
2A Bevilgningsoversikt - investering .....	45
Bevilgninger - investering.....	46
Tilskudd til andres investeringer .....	46
Investeringer i aksjer og eiendeler .....	46
Utlån .....	46
3 Økonomisk oversikt - drift.....	47
Verbal forslag .....	48
Tilrettelegging nærings- og bustadareal .....	48
Mobile toalett.....	48
Arena Stryn - Næringsbygg.....	48
Auka innsats "Næringsarbeid" .....	48
Økonomisk utvikling i planperioden .....	49
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter .....	49
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter .....	50
Kommunens tjenesteområder .....	52
Sentraladministrasjon .....	53
Beskriving av dagens verksemd .....	53
Utfordringar og strategi .....	53
Kostra-analyse .....	54
Kommuneplanen sin målsetjing.....	55
Driftsbudsjett med endringer.....	56
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar.....	57
Nye tiltak .....	57
Investeringsbudsjett.....	59
Ønska investeringar.....	61
Skule og kultur.....	63
Beskriving av dagens verksemd .....	63

Utfordringar og strategi .....	64
Kostra-analyse .....	66
Kommuneplanen sin målsetjing .....	68
Driftsbudsjett med endringer .....	69
Samandrag budsjett .....	70
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar .....	70
Nye tiltak .....	70
Helse og sosial .....	75
Beskriving av dagens verksemd .....	75
Utfordringar og strategi .....	76
Kostra-analyse .....	77
Kommuneplanen sin målsetjing .....	79
Driftsbudsjett med endringer .....	82
Samandrag budsjett .....	82
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar .....	83
Nye tiltak .....	83
Ønska investeringar .....	85
Teknisk .....	86
Beskriving av dagens verksemd .....	86
Om Teknisk etat .....	86
Utfordringar og strategi .....	86
Planarbeid .....	86
Strategier .....	87
Hovudutfordringar .....	87
Kostra-analyse .....	88
Kommuneplanen sin målsetjing .....	89
Driftsbudsjett med endringer .....	90
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar .....	90
Nye tiltak .....	90
Investeringsbudsjett .....	91
Ønska investeringar .....	95
Skattar, rammetilskot og finans .....	97
Kostra-analyse .....	97
Økonomi .....	97
Driftsbudsjett med endringer .....	98

Forklaring av ord og omgrep .....	99
Vedlegg .....	102
Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd .....	103
Budsjett Kontrollutvalet .....	109



## Rådmannen si innleiing

### Velkomen!

Det er ei glede å ønske lesaren velkomen til ein «ny» økonomiplan for Stryn kommune. Denne gongen er planen ikkje ny berre når det gjeld innhald, tal, mål og tekst men også i form. Målet med denne endringa er å gjere 4-års planen meir tilgjengeleg og lettare å lese for innbyggjarar og folkevalde. Vi ønskjer å flytte perspektivet frå intern organisering og over på tenestene vi tilbyr og korleis vi utviklar desse vidare. Dette krev at vi tenkjer nytt og at vi skriv annleis enn før. Budsjett og økonomiplan for 2020 – 2023 har blir vedteke rammenivå og har fokus på resultat og tenester i langt større grad enn på administrativ organisering av kommunen.

Ei viktig målsetting med økonomiplanen er også å synleggjere samanhengen mellom langsiktige mål i kommuneplanen, via budsjett og økonomiplan og ned i dei enkelte tiltak og investeringar. Då vil vi klare å styre utviklinga mot å målet som er å gjere Stryn til ein kommune der det er godt både å bu og å virke. Om vi endrar forma på planen, så endrar vi ikkje på den grunnleggjande tanken om at rådmannen sitt mål er å sikre innbyggjarar og næringsliv dei beste tenestene det er råd å levere med dei resursane vi har til rådvelde.

### Lågare vekst og trong for omstilling

Sjølv om vi no startar ei ny reise inn i eit nytt år, opplever vi at koffertane på mange måtar er pakka frå før. Tidlegare vedtak og prioriteringar gir føringar i den nye økonomiplanen. I 2020 får Stryn ikkje dekkja auken i prisar og løner i overføringane frå staten. Grunnen til dette er nedgang i folketalet og at vi ikkje raskt nok kan, eller vil, tilpasse tenestetilbodet til dei nye rammene.

Dette tyder at vi må omstille oss i åra som kjem. Vi enten må auke inntektene eller redusere kostnadane. Dei einaste inntektene som vi sjølve kan auke er eigedomsskatten. Alternativet er å redusere kostnader. Det som gjev størst effekt, men som samstundes som oftast er vanskelegast å gjennomføre er strukturendringar, altså t.d. legge ned ein skule eller stenge ei avdeling på ein sjukeheim. Problemet med strukturendringar er at dei ofte står i motsetnad til andre politiske målsettingar og at dei skaper stor motstand når dei skal gjennomførast.

Ein annan måte å redusere kostander på er å levere eit lågare tenestenivå eller å auke eigenbetalinga for dei eksisterande tenestene. Døme på dette kan vere standarden på kommunale vegar, kriterier for tildeling av tenester, kulturskuletilbod eller SFO-satsar. Også denne type tiltak kan vere politisk kostbare å gjennomføre.

Den tredje måten å redusere kostnader på er å effektivisere organisasjonen og prosessane. Målet med dette er å levere minst like gode tenester som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enklaste måten å vedta politisk, og påverkar brukarar i mindre grad men tilsette i større grad. Ved å endra måten ein organiserer arbeidet eller korleis ein utfører arbeidet kan ein oppnå innsparingar. Å skapa brei oppslutnad rundt slike endringar og å faktisk klara å hente ut gevinstar krev dyktig leiarskap på alle nivå, men oppgåva er overkommeleg så lenge ein viser stort tolmod. Godt utøvd leiarskap er nøkkelen for å lukkast med det meste av målsetjingar i organisasjonen. Å investera i å utvikla godt leiarskap i Stryn kommune blir difor ei viktig prioritering for rådmannen i starten av økonomiplanperioden.

### **Effektivisering**

For å sikre økonomisk handlefridom er det i Stryn dei siste åra vorte gjennomført innsparing på 0,5% både i fjor og i årets framlegg til budsjett og vidare i økonomiplanperioden. Dette er i tråd med føringane frå staten om forventa innsparingar.

### **Amortisering av premieavvik**

Stryn kommune er i 2019 den einaste kommunen i Vestland fylke som amortiserer positive premieavvik på 1 år. Alle andre kommunar utgiftsfører dette over 7 år som er alternativet. Det er venta store positive premieavvik i 2019 og i 2020 og dette er eit «vindaug» der det kan vere gunstig å endre amortiseringsprinsipp. Rådmannen foreslår difor å gjere dette og å nytte høvet til å sette av midlar til «premieavviksfondet» som er in del av vårt frie disposisjonsfond. Målsettinga er at vi skal nå målet om størrelse på dette fondet seinast innan utgangen av 2021. Det er viktig å vere klar over at dette er eit finansielt grep som ikkje totalt gir oss meir midlar til disposisjon, men at det gir oss høve til ei rettare budsjettering og gir oss ei jamnare fordeling av ein stor kostnad i åra som kjem.

### **Investeringar i økonomiplanperioden.**

Der er store investeringsbehov i kommunen i dei komande åra. Kommunestyret vil i åra framover måtte prioritere mellom investeringar ein **må** gjere og investeringar ein **ønskjer** å gjere. Rådmannen må signalisere at den auka kostnaden som følgjer av desse investeringane ikkje kan berast i dei komande åra utan at dette får konsekvensar for drifta på andre områder. Dette vil ein måtte handtere i komande økonomiplanar.

### **Tenesteutvikling, tidleg innsats, heilskap og samanheng.**

Tidleg innsats og førebygging, samt heilskapelege og tilpassa tenester er avgjerande for at innbyggjarane skal få tenester som skaper livsmeistring i dag og i framtida. Stryn kommune skal arbeide for å sikre rett kapasitet og naudsynt kompetanse samt samarbeide på tvers av tenestene for å gi innbyggjarane eit godt og heilskapleg tenestetilbod.

Målet er at innbyggjarane i størst mogleg grad skal meistre eigen livssituasjon ved å skape gode løysingar og tiltak saman med kommunen og relevante aktørar i nærmiljøet og samfunnet kring oss.

### **Kommunestyret avgjer rammene**

I rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2020-2023 gir eg mine tilrådingar om driftsrammer og utvikling av tenestene. Den politiske handsaminga startar når rådmannen sitt framlegg er lagt fram i starten av november og blir avslutta med vedtak i kommunestyret 18. desember.

Gjennom kommunestyret si handsaming av saka er det dei deira prioriteringar og vedtak som fastset kommunen sine mål og rammer for perioden 2020-2023.



*Rune Hovde  
Rådmann*





## Rettleiing til økonomiplanen

Her kan du lese meir om kva ein økonomiplan er og korleis ein finn fram

### Kva er ein økonomiplan?

Det er lovfesta at kommunane skal ha ein økonomiplan som visar korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp. Økonomiplanen skal visa prioriteringar og løyvingar, og dei mål og vilkår som økonomiplanen er bygd på. I økonomiplanen er det år 1 (2020) som er det bindande budsjettet til kommunen.

Den gir altså eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida (Sentrale kapittel). Vidare gir den oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar (Tenesteområde).

Når økonomiplanen no skal reviderast er det gjort ei vurdering av rammevilkåra som:

- Skatt og rammetilskot
- Renter/avdrag
- Avgifter
- Egedomsskatt
- Endringsbehov i tenesteområda

Ut i frå dette vil ein sjå kva økonomisk handlingsrom kommunen har i åra framover, prioriteringar og utfordringar.

### Framsikt – eit nytt verktøy for budsjett og rapportering

Stryn kommune er glade for å kunne gjere budsjett og økonomiplan meir tilgjengeleg for innbyggjarar, politikarar og andre interesserte. Frå og med budsjettåret 2020 går vi over til å nytte Framsikt som verktøy til Handlingsdel med økonomiplan og budsjett og samt rapportering til kommunestyret. Dette inneber at budsjettet ikkje vert gitt ut i papirform, men det vil bli publisert ein versjon i PDF som kan lastast ned.

Dette inneber ein ny måte for dei folkevalde å orientere seg i budsjettet på enn tidlegare. Budsjettet og økonomiplanen vert no presentert i ei web-løysing, der ein kan gå inn på dei ulike delane av budsjettet, og gå vidare inn i dei ulike rammeområda. Sjølv om budsjettet no vil innehalde meir detaljinformasjon på einingsnivå, er det viktig å huske at dei politiske vedtaka vert gjort på rammenivå.

### STRUKTUR I BUDSJETTDOKUMENTET

Du kan enten orientere deg ved å nytte lenker på framsida av budsjettdokumentet. Alternativt nyttar du "Meny" øvst i skjermbilete for å orientere deg i dei ulike kapitla i dokumentet.



## 1. MENY

I menyen øvst til venstre finn du alle delane av dokumentet. Dei generelle og overordna delane av dokumentet øvst, og kapittel per tenesteområdeområde nedst.

## 2. SØKEFELT

Her kan du søkje etter ting du vil lese meir om i Handlings- og økonomiplanen.

## 3. GRAFIKK OG NØKKELTAL

Grafisk framstilling av drift og investering per tenesteområde, samt finansielle hovudtal.

## 4. SENTRALE KAPITLER

### Rådmannen si innleiing

Innleiande ord om Handlings- og økonomiplanen frå rådmannen.

### Plangrunnlag

Her finn du visjon, verdiar, overordna mål og strategiar.

### Forslag til vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

### Status og rammevilkår

Her kan du lese meir om den økonomiske status i kommunen og kva føringar vi får gjennom til dømes statsbudsjettet.

### Befolkningsutvikling

Forventa befolkningsutvikling i Stryn kommune som vi må ta omsyn til i våre planlegging av tenestetilboda i Stryn kommune, og som også påverkar våre inntekter.

### Investeringar i økonomiplanen:

Oppsummering av investeringane i økonomiplanperioden og utviklinga av lånegjelda til Stryn kommune. Her kan ein klikke på namnet til investeringa for å lese meir om kvart enkelt tiltaket.

### Budsjettvedtak:

Her ligg oversikta over kva ein vedtek i denne økonomiplanen.

### Verbalforslag:

Her kan ein lese om verbalvedtak som gjeld aktuelle tiltak i økonomiplanperioden, men som ikkje innarbeida i økonomiplanen.

**Økonomisk utvikling i planperioden:**

Ei kort oppsummering av den økonomiske utviklinga i kommunen i økonomiplanperioden.

**Forklaring av ord og omgrep:**

Ei forklaring på nokre av dei ord og omgrep som vi brukar i økonomiplanen.

**Vedlegg:**

Her ligg "Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd", og Kontrollutvalet.

**5. TENESTEOMRÅDER**

Her vert budsjettforslaget for dei enkelte rammeområda, med underliggende einingar, utdjupa. I tråd med gjeldande budsjettreglement, skal kommunestyret vedta ei netto driftsramme for kvart enkelt rammeområde.

Dei enkelte rammeområda er spesifisert med følgjande informasjon:

- Beskriving av dagens verksemd
- Utfordringar og strategi
- KOSTRA – analyse
- Mål
- Driftsbudsjett med endringar\*)
- Samandrag budsjett
- Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar (dette er tiltak som ikkje er med i rådmannen sitt framlegg)
- Investeringar
- Ønska investeringar

*\*)Kort forklaring til driftsbudsjett med endringar:*

*Vedtatt budsjett: Vedtatt ramme i økonomiplanen som vart vedteken i desember 2018*

*Sum vedtak førre periode: Vedtak i økonomiplanperioden som får ytterligare verknad i 2020*

*Konsekvensjustert ramme: Vedteken ramme frå desember 2018, inkludert tidlegare tidtak som påverkar i økonomiplanperioden*

*Sum nye tiltak: Summen av alle ny tiltak i Rådmannen sitt budsjettframlegg*

*Ramme 2020-2023: Sum forslag Ramme frå Rådmannen*

*Under denne tabellen er dei ulike tiltaka omtala nærare med tekst.*

**6. SATSNINGSOMRÅDE**

Her kjem du inn på plangrunnlaget som viser visjon, verdiar, overordna mål og strategiar.



## Forslag til vedtak

Vedtak i kommunestyret den 19.12.2019.

### **KS- 163/19 Vedtak:**

Fleksibelt barnehageopptak frå 01.08.2020 kr 250.000

Finansiering: Bruk av disposisjonsfond.

Flyktningtenesta auke med 0,5 stilling kr 300.000

Finansiering: Bruk av disposisjonsfond.

Stilling som planleggar (sentraladm ) kr 200.000

Finansiering: Bruk av disposisjonsfond.

### Organisasjon

Verbalt forslag med oppdrag til administrasjonen og politisk leing ved formannskapet. Stryn kommune som organisasjon. Er den rett organisert, leverer ein godt nok, kan ein jobbe smartare, kartlegge mogleg innsparing utan svekking av leverte tenester og struktur.

### Verbalframlegg utsmykking og møbelering av Per Bolstad Plass

Det har vært gjennomført et stort løft på Per Bolstad plass det siste året. Ikke minst på grunn av gode prosesser i Stryn kommune. Men det viktigste er det lokale engasjementet. Her har det vært avgjørende at brukere, næringsdrivende og andre har engasjert seg . Både i planprosessen , men også med økonomiske bidrag som har gjort prosjektet mulig. Kommunestyret ber administrasjonen få fortgang i utsmykking av Per Bolstad plass. Og få på plass en endelig plan med kostnadsoverslag innen mai 2020.

### Verbalframlegg masterplan for stisykling

Flere aktører har gått soammen om å få til en masterplan for terrengsykling i Stryn kommune. Planen er forelagt Stryn kommune, og det er orientert om planen i tidligere Formannskap. Kommunestyret ber administrasjonen om å behandle søknaden, og legge denne fram for politisk behandling så snart som mulig og innen 1.juni 2020.

### Verbalframlegg minnelund Oppstryn

Kommunestyret ber administrasjonen få på plass en minnelund ved Oppstryn kirke in 2020. Dette vil denne et godt grunnlag som et prøveprosjekt som kan videreføres ogs ved de andre aktuelle kirker i Stryn kommune. Dette vil bidra på sikt å løse en del av framtidige arealutfordringer ved kirkegårdene i kommunen ved ordinære kistegraver.

### Barnehage-Skule

· Utarbeide kostnadsoverslag ny barnehage tilknytta oppvekstsenter i Innvik som er stor nok, dvs 300 einingar.

- Skaffe oversikt over vedlikeholds- og investeringsbehov ved alle barnehagar og skular i kommunen.
- Dei to punkta må føreligge før budsjettprosess for 2021.
- Det vert sett av kr 400 000,- til dette i budsjettet 2020.

Finansiering: Bruk av disposisjonsfond. Investering kr 1.000 000 til Oppvekstsenter i Vikane (Innvik)

vert teke ut av budsjettet

#### Spelemidler

Kommunestyret ber om å få fram ei sak før 01.04.2020 om å etablere fond kr 1 mill til mellomfinansiering av spelemidler til lag og organisasjonar. Budsjett 2020. Bruk av disposisjonsfond.

Budsjett

#### Tilskuddsportalen

Kjøpe abonnement tilskuddsportalen kr 50.000 for 2020. Bruk av disposisjonsfond.

#### Driftstilskot til turløyper og idrettsanlegg

Ein aukar avsette midlar med kr 300 000, samla sum vert då 900 000kr.

For søknader innkomne i 2019 vert midlane tatt frå disposisjonsfond. Frå 2020 vert beløpet lagt inn i økonomiplanen.

#### EPC

Vi kjører EPC med unntak av omsorgssenter i Innvik. Føreset at kommunestyret legg til rette for at kommunale bygg i Innvik blir tilkobla et framtidig biovarmeanlegg med vannbåren varme. Det blir lagt fram sak for kommunestyret 23.jan 2020.

Finansiering: Bruk av disposisjonsfond

#### Kulturskulen

Det er gledeleg å registrere at satsinga som har vore dei siste åra på å styrke Kulturskulen har ført til betydeleg auka aktivitet, det er PR isdag ca 30 pers på venteliste. Signala som har kome siste tida, tyder på at ressursane til Kulturskulen ikkje har hatt den nødvendige auken for å klare å halde tritt med den auka interessa. Kommunestyret ber difor om å få ei sak til møtet i januar der ein vurderer ein auke av ressursane til administrasjon og undervisning ved Kulturskulen.

### **1. Handlings- og økonomiplan 2020-2023**

Framlegg til Handlings- og økonomiplan 2020-2023 for Stryn kommune blir godkjent, med dei føringane og premissa for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.

### **2. Driftsrammar**

#### **2.1 Driftsbudsjett 2020**

Driftsbudsjett for 2020 blir vedtatt i samsvar med «1A Bevilgningsoversikt – drift».

#### **2.2 Bevilgningsoversikt tenesteområder**

Netto bevilningar til sektorane blir vedtatt i samsvar med «1B Bevilgninger – drift».

Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå overordna ansvar, inkludert statlige tilskot og lønsreserven, på dei enkelte tenesteområda.

Ordfører får fullmakt til å disponere formannskapet sin konto «Til disposisjon for formannskapet».

### **3. Investeringsrammar**

Investeringsbudsjettet for 2020 blir vedtatt i samsvar med «2A Bevilgningsoversikt – investering».

Oversikt over dei enkelte investeringsprosjekta kjem fram i «Investeringar i økonomiplanen», samt kapitla for tenesteområda.

### **4. Skatt**

Skatt på inntekt og formue for 2020 skrivast ut etter maksimalsats fastsett av Stortinget.

### **5. Lån**

For 2020 blir det gjeve fullmakt til følgande låneopptak:

- a) Lån til finansiering av egne investeringar, inntil 88,200 mill. kroner.
- b) Lån til sjølvkostområda, inntil 10,450 mill. kroner.
- c) Lån til vidareformidling, inntil 4,0 mill. kroner.

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkår for ovannemnde lånerammer.

## Plangrunnlaget


### Visjon

**Vi vil utvikling!**

### Verdiar

**Vi er:**

- STOLTE** - Vi er myndiggjorte og verdsette medarbeidarar. Vi bidrag til at samfunnet har tillit til og respekt for arbeidet vårt.
- TYDELEGE** - Vi er synlege og klare. Vi har forventningar og stiller krav til oss sjølve og andre.
- RAUSE** - Vi er inkluderande, og vi har tillit, respekt og lojalitet for kvarandre og brukarane.
- YTANDE** - Vi er imøtekommande og serviceinnstilte. Vi tek initiativ, er aktive og tek ansvar i utforming og løysing av oppgåver.
- NYSKAPANDE** - Vi nyttar og utviklar erfaringar og kunnskap. Vi er engasjerte og endringsvillige, og vi arbeider kontinuerleg for auka kvalitet på tenestene.



## FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er den felles arbeidsplanen verda har for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskapar og stoppe klimaendringane innan 2030. Her kan du lese meir om [FN sine berekraftsmål](#).

Regjeringa slår i kommuneproposisjonen for 2020 fast at «Regjeringen anser FN's bærekraftsmål som grunnleggjende for å løse vår tids utfordringar... ..Regjeringen vil bidra til at bærekraftsmålene blir et godt verktøy for kommunesektoren...»

Det er difor naturleg at berekraftsmåla skal vere ein del av det overordna rammeverket for utviklinga av Strynesamfunnet.

For Stryn peikar 6 av berekraftsmåla seg ut som viktige. Desse skal framover vere utgangspunktet for satsingsområda i kommune- og økonomiplanar. I tillegg inngår fleire av berekraftsmåla som ein del av kommunen sine 3 tidlegare utvalde satsingsområde.

Desse satsingsområda er:

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

Dette kan koplast mot følgjande av FN sine berekraftsmål:



I den komande økonomiplanperioden skal vi arbeide vidare med å definere hovudmål, delmål og strategiar som skal vere førande for vårt arbeid. Desse satsingsområda skal vere tverrsektorielle og gjelde alle tenestoområda. Dette stiller krav til at vi må arbeide saman på tvers av sektorane for å nå dei måla vi set oss.

## Økonomi

Økonomisk handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til innbyggjarane i kommunen. Det er viktig med stabilitet og forutsigbarheit i den økonomiske politikken, noko som vidare vil gi god kvalitet i tenestene, fornøgd brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Stryn kommune sin økonomi har vore preget av god budsjettkontroll og mindreforbruk på rekneskapen dei siste åra. Stryn kommune har vore ei vekstkommune når det gjeld folketal, og har hatt stadig auke i inntekter på bakgrunn av dette. No ser ein at veksten har stagnert og folketalet har gått ned. Dette fører til lågare inntekter og driftsnivået må følge etter inntektene.



## Overordna mål for kommunen

- Godt økonomisk handlingsrom


### Mål for kommunen

Overordnet mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostragr
Godt økonomisk handlingsrom	Arbeidskapital fråtrekt i prosent av brutto driftsinntekt (likviditet) > 20%	Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	24,0 %	22,0 %	21,0 %	21,0 %	17,9 %
	Maksimum 80% av årlege investeringar kan lånefinansierast.						
	Netto driftsresultat minst 1,75 %	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,6 %				2,6 %
	Når disposisjonsfondet er under 10% av brutto driftsinntekt skal ein i budsjett ha minst 1,75% i netto driftsresultat som skal leggest til fondet.						
	Stryn kommune skal ha disposisjonsfond på 10% av brutto driftsinntekt.	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	8,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %	4613,5 %

## Samanhengen mellom plansystemet og økonomiplanen

### Plansystemet

Kommunen har ei rekkje planar for sine areal og verksemdområde. Planar blir utarbeidde både etter plan- og bygningslova og etter anna lovverk. Figuren under skisserer plansystemet.



### Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel, og er det overordna styringsdokumentet for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen fastset mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Arealdelen skal vise samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er juridisk bindande.

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld for perioden 2013-2024, og har eit tidsperspektiv på 12 år. Den skal ha ein handlingsdel med 4 års perspektiv som syner korleis planen skal følgjast opp.

I samband med utarbeiding av samfunnsdelen blei det bestemt at handlingsdelen og økonomiplanen skal utgjere eitt dokument, slik at overordna føringar frå samfunnsdelen og økonomiske prioriteringar blir betre knytt saman.

### Kommunedelplanar

Kommunedelplanar kan utarbeidast for eit avgrensa geografisk område eller for avgrensa tema, og skal følgje opp mål og strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Kva for planar som skal utarbeidast/reviderast i kommunestyreperioden står i kommunen sin planstrategi 2016-2020.

Dei tematiske kommunedelplanane skal også ha ein handlingsdel. I desse handlingsdelane bør det ikkje fattast økonomiske bindande vedtak, då dette kan føre til at summen av alle tiltaka er større enn

kommunen sine samla ressursar. Ressursfordelinga skal skje i dette dokumentet, handlingsdelen med økonomiplan, som skal vere kommunen sitt økonomiske styringsverktøy.

Sektor-, tema- og fagplanar er planar som i stor grad utarbeidast etter anna lovverk enn plan- og bygningslova. Desse er ofte viktige i oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, med konkretisering av mål og oppfølging med tiltak.

### **Kommuneplanen sin handlingsdel**

Handlingsdelen skal konkretisere mål og tiltak knytt til målsetjinga, satsingsområda og strategiar i samfunnsdelen. Handlingsdelen gjer ei prioritering av kva vi bør få utført gjennom økonomiplanen, dei økonomiske ramma vil avgjere kva vi kan få utført. Det skal vere samsvar mellom samfunnsdelen og økonomiplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er delt inn etter tema, med tilhøyrande mål og strategiar. Desse står i kap. 2.3. Føringar frå samfunnsdelen. Ein har her berre teke med dei tiltaka som kan krevje økonomisk løyving for gjennomføring, i og med at dei økonomiske ressursane blir fordelt på sektorene er strukturert etter teneste/ansvarsområde.

Handlingsdelen med økonomiplan skal reviderast kvart fjerde år, men skal i tillegg bli rullert årleg. For den årlege rulleringa skal kommunen innhente synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen.

## **Kommuneplanen sin målsetjing**

### **Hovudmål**

Hovudmål for kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2024 er:

#### **VEKST BASERT PÅ BULYST OG NÆRINGSUTVIKLING**

I denne samanheng er vekst både auke i folketal og næringsverksemd. For å få til dette må ein leggje til rette for gode bustadtilbod, godt kommunalt tenestetilbod og god folkehelse. Kommunen må i tillegg prioritere faktorar som gjer at Stryn kommune er ein god stad å bu i samt leggje til rette for utvikling av næringslivet.

### **Satsningsområde**

I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga har kommunen valt ut tre satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar.

## **Overordna mål for kommunen**

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

## Mål for kommunen

Overordnet mål	Delmål
Bulyst og bustadtilbod	Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet
	Eit godt tenestetilbod innan helse- og omsorg
	Intensiv norskopplæring og god integrering av språklege minoritetar
	Kommunen skal prioritere å få på plass attraktive bustadfelt i vekstområdet Stryn sentrum – Loen. Dette gjeld mellom anna bustadfeltet Solvik/Rake. Når det gjeld resten av kommunen skal ein leggje i hovudsak ut område for LNF – område med spreidd bustader, i tillegg til nokre få bustadfelt i dei største tettstadane
	Legge til rette for gode møteplassar i alle tettstader
	Sikre god kvalitet i skule og barnehage
	Stryn kulturhus skal vere kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling
Folkehelse	Stryn skal ha eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv for å styrkje identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst
	Auka fysisk aktivitet for alle, mellom anna ved å leggje til rette for fleire gang- og sykkelveggar, sentrumsnære turstiar, badeplassar og sikker tilgang til natur- og friluftsområde
	Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester
Tilrettelegging for næringslivet	Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
	Gode vilkår for grunderånda
	Godt samarbeid mellom skule og næringsliv
	Plassere nye næringsareal i nærleik til hovudvegssystemet, primært kring Stryn sentrum og på Langeset. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, natur- og kulturlandskap og friluftsområde
	Vidareutvikle Olden som cruisedestinasjon

## Strategi for å nå mål

### Strategier

#### Føringar frå samfunnsdelen

I samfunnsdelen har ein sett fleire mål og strategiar innan dei ulike tema. Dei som kan krevje økonomiske løyvingar er følgjande strategiar:

#### FOLKEHELSE

- Helse og førebygging skal ha vekt i planlegging og tenesteutøving
- Tilrettelegging av god infrastruktur for fellesskap, tryggleik, deltaking og sunne levevanar
- Vidareføre og utvikle MOT arbeidet
- Satse på konseptet Frisklivssentral for strukturert hjelp til endring av livsstil
- Delta i interkommunal samfunnsmedisinsk teneste og andre relevante samarbeidstiltak

#### OPPVEKST

- IKT som administrativt og fagleg verktøy i skule og barnehage
- Intensiv norskopplæring for språklege minoritetar
- Utvikle og få til betre samheng mellom vaksenopplæring, arbeid og utdanning i samarbeid med NAV, flyktningetenesta og utdanningsinstitusjonane
- Dagleg fysisk aktivitet og fokus på kosthald i skule og barnehage
- Styrke samarbeidet med næringslivet
- Stimulere til auka aktivitet etter skuletid
- Gje tilbod om kulturelle opplevingar i skule og barnehage
- Sikre ein framtidretta og berekraftig barnehage- og skulestruktur. Tilbodet i kommunen må byggast ut slik at ein til ei kvar tid har kapasitet til ein forventa vekst i barne- og elevtalet
- Auke barnehagekapasiteten i Stryn sentrum – Loen – Olden
- Sikre gode og tidsmessige lokale og aktivitetsområde
- Utarbeide kommunedelplan for oppvekstsektoren

#### HELSE OG SOSIAL OMSORG

##### Barneverntenesta

- Interkommunalt samarbeid (tiltaksstillingar, fagleg samarbeid m.m.)

##### Sosial tenester i NAV

- Samarbeid med flyktningtenesta, vaksenopplæring og næringsliv for å kvalifisere flyktningar og innvandrarak til arbeid
- Gode samarbeidsstrukturar kring rusproblematikk og ressurs for samordning og innsats

##### Helse- og omsorgstenester

- Syte for funksjonelle lokalitetar for helse - og omsorgstenestene
- Utvikle samarbeid og samhandling med frivillige
- Satse på interkommunalt samarbeid om oppgåver som er vanskeleg å takle åleine

## FLYKTNINGAR OG INNVANDRING

- Nytte barnehage, grunnskule og SFO aktivt for å sikre god språkutvikling og integrering
- Ha arbeidsretta norskopplæring
- Aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og NAV om språkopplæring og kvalifiseringstiltak for vaksne

## IDRETT OG FRILUFTSLIV

- Avklare og setje av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Godt samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen som stimulerer til utbygging, god drift og aktivitet
- Legge til rette for eigenorganisert aktivitet blant barn og unge ved å ha gode nærmiljø/aktivitetsanlegg
- Legge til rette for sentrumsnære turstiar og god tilgang til naturområder
- Sikre dei viktigaste friluftsområda, dette gjeld særleg turstiar og badeområde med parkering

## KULTUR

- Utvikle eksisterande og nye kulturtilbod
- Gode støtteordningar/økonomiske rammevilkår for lag og organisasjonar som stimulerer til innsats og aktivitet
- Utvikle Stryn kulturhus vidare som kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling. Kulturhuset skal i tillegg vere eit naturleg val for møteverksemd, kurs og konferansar
- Utvikle og legge til rette for at Stryn kulturskule skal bli eit ressurscenter for kultur og kunstfag
- Arbeide for å få nye lokale til kulturskulen
- Utvikle og legge til rette for at Stryn bibliotek skal vere eit framtidsretta og moderne folkebibliotek og skulebibliotek
- Synleggjere og inkludere eit aukande etnisk mangfald i kulturlivet
- Profesjonalisere tenestetilbodet innafor kultursegmentet
- Arbeide for å få gjenopprette stillinga som ungdomskontakt

## KYRKJA

- Sikre tilstrekkelege rammeløyvingar og tenesteyting

## NATUR, KULTURMILJØ OG LANDSKAP

- Utarbeide kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø

## TETTSTADER OG BUSTADOMRÅDE

- Setje av nye areal til bustadområde kring Stryn sentrum gjennom arbeidet med kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde
- Opne for samarbeid kommune/næringsliv om bygging av rimelege gjennomgangsbustader
- Initiere prosjekt for tettstadutvikling basert på fylkeskommunal deltaking
- Setje i gang planarbeid knytt til vidareutvikling av Olden som cruisedestinasjon

## SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

- Arealdelen skal avklare viktige spørsmål som
  - Stryn er eit trafikalt knutepunkt for storbil og buss
  - framtidig vegsystem for tilkomst til hytteområda nord for Stryn sentrum
- Prioritere finansiering og realisering av gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik
- Utreie behovet for framtidige løysingar for trafikken gjennom Stryn sentrum, og kvalitetssikre at arealdelen tek høgde for desse
- Bidra til regional og lokal samordning ved utbygging av breibandnett, stille krav om tilrettelegging av breiband ved ny utbygging. Vurdere økonomisk deltaking i utbyggingsprosjekt som ikkje har kommersielt grunnlag
- Kartlegge kritiske brukarar i høve breiband og framføringsvegar i beredskaps-samanheng i samband med heilskapleg ROS-analyse
- Prioritere sikring av vasskjelder og god vasskvalitet
- Utreie utbygging og vedlikehald av vassforsyning og avløpsnett i sine respektive kommunedelplanar

## NÆRINGSUTVIKLING OG VERDISKAPING

- Følgje opp næringsanalysa frå 2012 med ein tydeleg næringsstrategi. God oppfølging av grunderar. Kommunen sitt næringsapparat skal vere meir offensive i høve landbruket ved utadretta verksemd, særleg i høve rekruttering, investering og tilleggsnæringar på garden
- Auke produksjonen innanfor landbruket med 1 % per år.
- Støtte opp om utvikling av reiselivsnæringa, særleg tiltak for betre inntening, utvida sesong og kommersiell utnytting av naturen i samsvar med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane

## KLIMA OG ENERGI

- Alle større bygg, som vert planlagt i nærleiken av fjernvarmeleidning, må ha vassboren varme samt kople seg til fjernvarmenettet. Plikta til tilknytning baserast på at fjernvarmeenergien er konkurransedyktig med andre energikjelder
- Vurdere elektrisitetsforsyning til cruiseskip i Olden som alternativ til dagens bruk av dieselaggregat. Energibehovet er svært stort og vil krevje ei styrking av el-nettet lokalt
- Stryn Sommarskisenter bør få el-forsyning fram til anleggsområdet, enten via nett eller ved lokal vasskraftproduksjon i eit småkraftverk
- Arbeide for meir kollektiv persontransport i kommunen gjennom arbeidsbussruter og tettare lokalbussnett skal redusere utslepp av klimagassar. Prøve å få til samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen for å etablere arbeidsruter til dei største arbeidsplassane i kommunen
- Etablering av ladepunkt for EL-bilar
- Offensiv for utbygging av gang- og sykkelveger



## Status og rammevilkår

Her kan du lese meir om den økonomiske status i kommunen og kva føringar vi får gjennom til dømes statsbudsjettet.

### Status og rammevilkår

Stryn kommune skal ha ein berekraftig økonomi for å sikre at kommunen vil vere i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Med berekraftig økonomi meiner vi at kommunen sine årvisse utgifter skal vere finansiert av sikre, årvisse inntekter, og at kommunen skal levere økonomiske resultat i tråd med staten sine forventningar til oss.

### Økonomiske nøkkeltal - ambisjon

For å gjere kommunen meir økonomisk robust og berekraftig må ein sette seg nokon finansielle måltal for kommunen sin økonomi:

- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt.

Stryn kommune skal ha disposisjonsfond på 10% av brutto driftsinntekt.

- Netto driftsresultat

Når disposisjonsfondet er under 10 % av brutto driftsinntekt skal ein i budsjett ha minst 1,75% i netto driftsresultat som skal leggest til fondet.

- Arbeidskapital

Arbeidskapital fråtrekt premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt (likviditet) > 20%

- Finansiering av investeringar

Maksimum 80% av årlege investeringar kan lånefinansierast.

Måltala vert lagde til grunn som handlingsreglar i kommunen sitt budsjettarbeid.

Kommunestyret er innforstått med at auka lånegjeldsgrad dei komande åra vil måtte finansierast med ein kombinasjon av kutt i tenestetilbod, auka inntekter og effektivisering av tenesteproduksjonen.

### Statsbudsjettet

Inntektssystemet er staten si “berekningsformel” for finansiering av kommunesektoren. Det består av ein heil rekke kriteria som tar omsyn til kommunale skilnader i til dømes innbyggjarane si aldersfordeling, busettingsmønster, helse- og sosiale forhold mv. Inntektssystemet gir Stryn kommune lågare inntekter enn Vestland fylket i snitt, og lågare enn vi tidlegare har hatt og har bastert drifta vår på. Dette gjer at vi



får utfordringar med at inntektene ikkje dekker dei driftsutgiftene vi har med dagens drift i kommunen, og dette er noko vi må jobbe med gjennom økonomiplanperioden for å få ein langsiktig berekraftig kommune. Rådmannen har skrevet meir om dette i si innleiing.

### **Pris og kostnadsvekst**

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kommunal deflator) er i statsbudsjettet rekna til 3,1 %. Av dette utgjer pårekna lønsvekst 3,6 % medan prisvekst på varer og tenester inngår i deflatoren med 2,2 %.

### **Kommunale skatteøyre**

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyet blir redusert frå 11,55% til 11,10% for 2020. Skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal utgjere om lag 40% av inntektene også for 2020

### **Frie inntekter – skatt og rammeoverføring**

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaka er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at kommunesektoren sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2019 til 2020 skal ha ein nominell vekst på 2,2 %. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er og 2,2 %. For Stryn kommune er pårekna nominell vekst 1,1 %. Den manglande veksten skuldast i hovudsak nedgang i folketal og INGAR der Stryn kommune i fjor fekk kompensasjon pga bortfall av Distriktstilskotet Sør-Norge i 2019. I tillegg fell skjønstilskot frå fylkesmannen vekk.

### **Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet**

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Det er dessutan også teke omsyn til grensejusteringar i berekninga av vekst.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet

Det er framlegg om å innlemma fleire øyremerkte tilskot i rammetilskotet for 2020. Dei største tilskota er :

- tilskot til psykologar i dei kommunale helse og omsorgstenestene
- tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad
- tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn

## **Aktuelle saker**

### Psykologar i kommunane

Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse.

### Opptrappingsplan for rus

Det er opptrappingsplan for rus med auka løyvingar til området i perioden 2016–2020. Satsinga har i hovudsak kome ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rus-omsorg.

### Dagtilbod til demente

Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

### Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader

For 2019 gir tilsegnsramma, etter vedtak om utviding i revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2400 plassar med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. For 2020 er det framlegg om ei tilsegnsramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2000 einingar. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. Halvparten av plassane for 2020 er netto nye og halvparten rehabiliterte.

### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2020 vil vera basert på direkte lønsutgifter i 2019 knytt til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2020:

Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.

Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,270 mill. til kr 1,361 mill. for netto utgifter i 2019

### Kompensasjon for endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar

I revidert nasjonalbudsjett for 2019 vart kommunane kompenserte for ein auke i pårekna meirutgifter til økonomisk sosialhjelp i 2019 som følgje av endringane. Kompensasjonen vart gitt med ein auke i rammetilskotet på kr 90 mill. Det er lagt opp til å vidareføra denne kompensasjonen i 2020.

### Lærarnorm

Frå 2020 blir det øyremerkte tilskotet til lærarnorm innlemma i rammetilskotet med same fordeling som i 2019.

### Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing

Det er framlegg om å overføra ansvaret for skatteinnkrevjing frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

## Sentrale inntekter i budsjettframlegget

Skatt på inntekt og formue er budsjettert, i samsvar med framlegg til statsbudsjett, 217,754 mill. kr. Ordinært rammetilskot er budsjettert, i samsvar med framlegg til statsbudsjett, 228,268 mill. kr. Eigedomsskatt er budsjettert med kr. 17,796 mill. kr. basert på ei auka til 3,4 promille på bakgrunn av endringar i eigedomsskattelova som gir ein reduksjon i skattegrunnlaget. Dette blir nærare forklart i eiga sak om eigedomsskatt.

## Netto driftsramme pr. sektor i budsjettframlegget

Netto driftsrammer til sektorane byggjer sektorane sine budsjett for 2019, justerte for løns- og prisvekst og oppdaterte pensjonssatsar. I tillegg har ein tatt ut tiltak som ikkje skal vidareførast frå 2019 og lagt nye tiltak på bakgrunn av vedtak eller sentraleføringar som har kome i løpet av 2019. På bakgrunn av sentrale føringar i lønsoppgjeret 2019 vart der ein høgare kostnad ved lønsoppgjeret enn berekna.

## Finans og lånegjeld

Vi har lagt til grunn ei rente på 2,45 % for lån med flytande rente. Signala frå Kommunalbanken er no at renta når toppen no i 2020, og vil bli redusert i økonomiplanperioden ned til 2,2 %. Dette er ikkje innarbeida i økonomiplanen.


Lånegjelda har auka dei siste åra, og vil auke vidare i denne økonomiplanperioden. I budsjettframlegget er det føresett høge låneopptak, då Stryn kommune har mange store prosjekt som vil auke lånegjelda vår. Rådmannen er uroa over gjeldsnivået, og vil signalisere at kommunen frå 2023 bør redusere låneopptaka, og i større grad bygge opp eigenkapitalfond som finansieringskjelde.

## Folketalsutvikling

Her kan ein sjå forventa folkestalutvikling i Stryn kommune i dei neste 25 åra basert på tal frå Statistisk sentralbyrå.

I følge folketalsutviklinga til Stryn kommune, basert på Statistisk sentralbyrå sine prognoser, vil folketallet til Stryn kommune auke i 25 års perioden. Det er ser er at denne veksten er i aldergruppa frå 67 år og oppover, mens dei andre aldersgruppene er stabile. Dette er noko vi må ta med i den vidare utviklinga av Stryn kommune.

## Demografi




	2020	2025	2030	2035	2040	2045
0 - åringar	71	77	83	84	83	83
Barnehage (1-5 år)	410	387	420	442	442	442
Grunnskole (6-15 år)	924	890	837	854	909	945
Videregående (16-19 år)	407	387	359	353	342	358
Voksne (20-66 år)	4 124	4 194	4 230	4 172	4 142	4 070
Eldre (67-79 år)	911	961	989	1 053	1 140	1 180
Eldre (80-89 år)	298	366	461	545	551	627
Eldre (90 år og eldre)	84	76	97	129	168	172
Total	7 229	7 338	7 476	7 632	7 777	7 877

Prognose type : Middels nasjonal vekst


Prognose periode : 25

## 0 - åringer




	2020	2025	2030	2035	2040	2045
0 år	71	77	83	84	83	83
Total	71	77	83	84	83	83

## Barnehage (1-5 år)




	2020	2025	2030	2035	2040	2045
1 år	72	78	84	86	86	86
2 år	79	77	84	87	87	87
3-5 år	259	232	252	269	269	269
Total	410	387	420	442	442	442

## Grunnskole (6-15 år)




	2020	2025	2030	2035	2040	2045
6-9 år	344	343	323	350	367	367
10-12 år	304	251	243	255	275	295
13-15 år	276	296	271	249	267	283
Total	924	890	837	854	909	945

## Videregående (16-19 år)




	2020	2025	2030	2035	2040	2045
16-17 år	206	196	173	167	174	182
18 år	106	97	96	95	84	84
19 år	95	94	90	91	84	92
Total	407	387	359	353	342	358

## Voksne (20-66 år)




	2020	2025	2030	2035	2040	2045
20 år	90	84	109	84	83	87
21 år	101	106	93	84	81	69
22 år	93	86	94	85	82	58
23-24 år	157	174	169	167	165	185
25-34 år	803	814	813	822	815	811
35-44 år	887	873	888	909	906	898
45-49 år	472	458	451	451	472	472
50-66 år	1 521	1 599	1 613	1 570	1 538	1 490
Total	4 124	4 194	4 230	4 172	4 142	4 070

## Eldre (67-79 år)



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
67-79 år	911	961	989	1 053	1 140	1 180
Total	911	961	989	1 053	1 140	1 180


## Eldre (80-89 år)



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
80-89 år	298	366	461	545	551	627
Total	298	366	461	545	551	627



## Eldre (90 år og eldre)



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
90 år eller eldre	84	76	97	129	168	172
Total	84	76	97	129	168	172

## Investeringar i økonomiplanen

Her kan ein lese om investeringane i økonomiplanperioden fordelt på dei ulike sektorane og sjølvkost.

### Andre investeringer

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
<b>Sentraladministrasjon</b>					
16033: Vikane - vaktmeisterbil	180	0	0	0	180
16035-EPC Alt:2	8 000	8 000	0	0	16 000
22095:Stryn vaksenopplæringscenter	16 000	0	0	0	16 000
22101: Barnehage-Loen	5 600	500	0	0	6 100
22105: Olden skule- oppgradering gymsal	500	0	0	0	500
22107: Parkering Nordsida skule/bh med utbetring veg	800	0	0	0	800
24020 Tonning barnehage - Uteareal (oppgradering overvassystem)	550	0	0	0	550
26059: Aktivitetsområde/nærmiljøanlegg-Stryn ungdomsskule	0	4 700	0	0	4 700
34091 Vikane omsorgssenter - rehabilitering	50 000	0	0	0	50 000
34092 Vikane omsorgssenter - Nye dører legekantor - lydisolasjon	100	0	0	0	100
Skule Stryn sentrum (utbygging/flytting)	0	5 000	50 000	15 000	70 000
<b>Sum Sentraladministrasjon</b>	<b>81 730</b>	<b>18 200</b>	<b>50 000</b>	<b>15 000</b>	<b>164 930</b>
<b>Teknisk</b>					
40009 Nykartlegging - ajourføring heile kommunen (flyfotokart)	500	0	0	0	500
46083 Geilevegen, rehabilitering av veg og leidningsnett	0	5 889	5 889	0	11 778
46199 Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus	2 350	7 000	0	0	9 350
46207 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2020	1 500	0	0	0	1 500
46208 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2021	0	1 500	0	0	1 500
46209 Bygging veg med fortau Solvik - Leite	16 000	16 000	0	0	32 000
46210 Forskottering gangveg Loen - Solvik	12 800	12 800	0	0	25 600
46213 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2022	0	0	1 500	0	1 500
46217 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2023	0	0	0	1 500	1 500
48023 2 nye feiebilr 2020	300	0	0	0	300
SFO  
Barnehage  
PPT  
Vaksenopplæring  
Kultur

Stryn kommune skal vere ein god stad å bu og leve i.  
Dette skal sikrast gjennom gode barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar.

Kommunen har åtte grunnskular, der fem har SFO-tilbod, åtte kommunale og ein privat barnehage, eiga PP-teneste, eit vaksenopplæringsenter for flyktingar/innvandrarakar, kulturavdeling med ansvar for kulturhus/symjehall/idrettshall, kulturskule og bibliotek. Fem av skulane/barnehagane er organisert som oppvekstsenter med felles leing.

Etaten har 309 tilsette fordelt på 267 årsverk.

Per 01.10.2019 er det 907 elevar i grunnskulen og 372 barn i barnehage - 120 under tre år, 252 over tre år.

Barnehagen skal i samarbeid med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg, leik, læring og sosial kompetanse. Barnets beste er eit grunnleggande omsyn. Gjennom helsefremjande miljø skal ein legge til rette for at alle barn får gode utviklingsmogelegheiter og får ein god start på den livslange læringa. Målet er å skape robuste barn som er best mogeleg rusta til å meistre livet sitt.

Det grunnleggande prinsippet i skulen er einskapsskulen, tufta på trivsel, likeverd og læring. Viktige strategiar er m.a. å arbeide målretta for gode læringsmiljø med relasjonsbygging og god klasseleing.

Skulefritidsordningane har som hovudmål å legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar.

PPT bidreg til kompetanse- og organisasjonsutvikling i høve barn med særskilde behov. PPT syter for at det vert skrivi sakkyndig vurdering der lova krev det. PP-tenesta har både system- og individretta arbeidsoppgåver. PPT kan også bistå i skulemiljøsaker etter kapittel 9 A.

Ca 19% av innbyggjarane i kommunen har innvandrarbakgrunn. Stryn Vaksenopplæringscenter har ansvar for vaksenopplæringstiltak etter vaksenopplæringslova, introduksjonslova og opplæringslova og har m.a. som mål å gje deltakarane ferdigheiter og kunnskap som kan bidra til å styrke grunnlaget deira for eit meiningsfylt, sjølvstendig og samfunnsaktivt liv.

Stryn kommune skal tilby kunst- og kulturaktivitetar og opplevingar i eit breitt spekter og av høg kvalitet. Eit vitalt kunst- og kulturliv er nødvendig i eit moderne samfunn. Tilgangen til eit mangfald av kunst- og kulturopplevingar skal vere god og alle som ønskjer, skal ha høve til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur.

Vi har som mål at innbyggjarar og tilreisande får gode opplevingar, god helse og livskvalitet gjennom dei kommunale tenestene, og idretts- og friluftstilbod. Stryn kommune skal stimulere sine innbyggjarar til auka deltaking, glede og meistring i kultur, idrett og friluftsliv.

Vi skal tilby profesjonelle tenester og ha eit kvalitetstilbod gjennom dei ulike kunst- og og kulturarenaane i kommunen.

## Utfordringar og strategi

### Utfordringar og strategi

Eit hovudmål for Stryn kommune må vere at fleire ønskjer å flytte til bygdene våre. Då må tenestene vere av høg kvalitet og skule- og barnehagar vere rusta for auka barne- og elevtal der folk buset seg.

Forutsigbare rammevilkåret er avgjerande for kvalitet i tenestetilbodet.

Det er nedgang i barne- og elevtalet i dei fleste krinsar. Særleg dei minste barnehagane/skulane er sårbare for nedgang og svingningar i barne- og elevtalet. Små barnehagar og skular med lågt barne- elevtal gjev mindre robuste einingar med omsyn til fagkompetanse og fagtilbod. Små barnehagar og skular har også ein vesentleg høgare kostnad per barn/elev enn større.

For å sikre busetting i alle bygder og handlingsrom i tenestetilbodet, må ein ha eit langsiktig og overordna perspektiv på busettingsmønster og barnehage- skulestruktur. Dette må henge saman. Skal kommunen oppretthalde eksisterande desentraliserte struktur, må det leggjast til rette for busetting også i utkantane, med tilgang på tomter, arbeidsplassar og god infrastruktur. Skal yngre folk flytte til bygdene våre, er dette overordna. Løpande opptak – gje tilbud til barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass er også viktig.

Kommunen har ein relativt stor del minoritetsspråklege barn/elevar. Det er bra for å oppretthalde barne- og elevtalet, og Stryn kommune er kjent for å ta godt imot nye barn/elevar med anna språk og



kultur. Det er likevel viktig med målretta tiltak for integrering av fleirspråklege, både barn, unge og vaksne. Fleirkulturell forståing er positivt for alle. Rask nok norskopplæring og målretta tiltak for god nok integrering er ei utfordring. Det er også viktig å vurdere kvar ein buset flyktningane våre. Erfaringar har vist at mindre lokalmiljø kan ha vel så effektive tiltak for intergrering og rask språkopplæring som større stader.

Vi treng tilsette med høg fagleg kompetanse på alle nivå, og kommunen må tenke langsiktig for å sikre dette. Gode og målretta rekrutteringstiltak må til for å møte dei forventningane og krava som vil følgje dei komande åra. Stryn har per i dag relativt gode søkjartal på utlyste ledige stillingar. Men med nye krav til kompetanse, er det utfordrande å dekke krava på alle område.

Nasjonale satsingar på vidareutdanning er viktig å nytte seg av for å stette kompetansekrava i faga, og kommunen prioriterer så mange som råd innafor rammene. Det er også viktig med kompetanseheving retta mot språkopplæring og integrering av fleirspråklege, både barn, unge og vaksne. Vi ønskjer eit kulturelt mangfald og legg til rette for eit allsidig læringsmiljø.

Kommunen legg vekt på folkehelseperspektivet på alle einingane i kommunen, og det vert mellom anna lagt føringar for fysisk aktivitet og fokus på sunt kosthald.

Stryn kommune har eit variert, rikt og allsidig kulturliv. Det skal vere lav terskel for å delta i det lokale kulturliv og å oppleve kunst og kultur.

Billettprisar, opningstider og kostnader knytt til medlemskap/leige av hus er med på å avgjere kven og kor mange som kan delta på det som er tilgjengeleg av kulturtilbod i kommunen. Dette kan ekskludere barn og unge frå deltaking. Det er få offentlege transportmiddel mellom Stryn sentrum og bygdene, noko som kan påverke deltakinga, særleg det som er retta mot barn og unge. Det er i tillegg behov for universell utforming på fleire stader som tilbyr kultur- og fritidstilbod.

Dugnadstradisjonen er sterk i Stryn kommune, og mange er villige til å stille opp for fellesskapen med gratisinnsats. Likevel ser vi ei endring ved at fleire ønskjer å delta i tidsavgrensa prosjekt/tiltak, i staden for å bli faste medlemmar i lag og organisasjonar. Vi ser og at fleire ønskjer å delta i aktivitetar utan å vere med i ein organisasjon eller ta på seg styreverv. Framleis vert storparten av den frivillige kulturverksemda drive av lokale eldsjeler på fritida, men det er ein klar tendens til at frivillig sektor vert profesjonalisert, og at dei aktive sjølv har større forventningar og krav til kva lag/organisasjonar kan tilby. Konsekvensen er at det kan verte dyrare å delta, noko som ramar særleg barn og unge. Kultursektoren er på line med andre sektorar avhengig av økonomi for å kunne drive eksisterande tilbod, utvikle nye tiltak og sist men ikkje minst, legge til rette for at det lokale kulturliv kan blomstre. Lokale kulturbygg/grendahus og idrettsanlegg er viktige arena for eit levande, kreativt og inkluderande samfunn. Vi treng eit større fokus på desse anlegga, både når det gjeld økonomi, vedlikehald og modernisering.

## Kostra-analyse

	Stryn 2017	Stryn 2018	Kostragruppe 10	Sogn og Fjordane	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 711	2 009	1 905	2 264	2 354
Netto driftsutgifter per innbygger (202) grunnskole (B)	13 145	13 662	12 052	13 882	11 407
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	134 764,0	149 123,0	152 291,0	163 689,0	153 541,0
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	3 062,3	3 781,6	4 833,3	5 824,2	4 555,8
<b>Dekningsgrad</b>					
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	19,4 %	20,8 %	4,9 %	5,5 %	5,2 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	45,2 %	47,4 %	53,6 %	53,1 %	57,8 %
<b>Kvalitet</b>					
Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elever på skolen	1,3	1,2		1,2	
Elevunders. 7. trinn - Mobbet av andre elever på skolen	1,1	1,2		1,3	
Nasjonale prøver 5. trinn: Engelsk	49,0	50,0		50,0	
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	50,0	50,0		49,0	
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	52,0	50,0		51,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk	49,0	50,0		50,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	48,0	49,0		50,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	49,0	53,0		51,0	
Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	56	51		53	
Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	57	54		55	

Kommunen nyttar noko mindre per innbyggjar til kultursektoren enn fylket og landssnittet, men noko over kommunegruppe 10. Relativt lite av dette går til barn og unge. Når det gjeld utgifter til allmenn kultur, ligg vi også under snittet. Ein vesentleg del går til drift av eigne hus. Det går ikkje fram av nøkkeltala, men både Stryn kulturhus, Strynehallen og symjehallen er del av driftsutgiftene i kultursektoren.

Tal elevar i grunnskolen som nyttar kulturskolen er lågt. Dette er i positiv endring. Skolen har flytta inn i nye lokale og er i ferd med å tilpasse tilbodet til etterspørselen. Folkebiblioteket driv godt med små midlar.

Etter at ny bemanningnorm i barnehage vart innført i 2018, nyttar kommunen framleis under til barnehagedrift enn snittet i fylket og landet. Barnehagane vert drivne kostnadseffektiv. Samordning mellom skule/SFO/barnehage kan vere ei forklaring, og vi har alltid mål om å ha lite ledig kapasitet i høve bemanning.

Stryn har ei stor overvekt av kommunale barnehagar samanlikna med fylket og landet.

På tenesteområdet grunnskule har Stryn kommune relativt høge driftsutgifter samanlikna med Kostragruppe 10 landet, men lågare enn Sogn og Fjordane. Desentralisert skulestruktur og mange fleirspråklege elevar er hovudforklaringa. Kommunen har langt fleire minoritetsspråklege elevar med trong for særskilt norskopplæring enn snittet i fylket og landet.

Fem skular har tilbod om SFO. Desse driv svært kostnadseffektivt, men færre elevar enn elles i kommunane nyttar seg av tilbodet.

## Kvalitet

Med unntak av 9. årstrinn og rekning 5. trinn, har vi betre resultat i 2018 enn året før. 9. trinn hadde svært gode resultat i 2017. Det er ikkje uvanleg at resultat kan svinge noko frå år til år ut frå variasjonar i elevkulla, men tiltak er nødvendig og vil bli følgt opp framover. Kommunen vil halde fram med sterkt fokus på høgt læringstrykk også dei komande åra. Skuleeigar føl opp alle obligatoriske kartleggingar gjennom administrasjonsmøta (møte mellom skuleeigarar og rektorar) og dialogmøte (årleg møte mellom skuleigar og ei samansett gruppe frå kvar skule). Skulane føl opp resultatata på eigen skule.

Elevundersøkinga på 7. og 10. trinn viser låge mobbetal. Likevel er det eit kontinuerleg arbeid for å sikre eit godt arbeidsmiljø for alle elevar . Det er nulltoleranse for mobbing og skulen si plikt til å sette inn tiltak, har stort fokus.

## Mål

### Overordnet mål

Godt økonomisk handlingsrom

### Delmål

Effektiv drift og god budsjettdisiplin

### Effektiv drift og god budsjettdisiplin

Tilpasse bemanning etter tal barn i barnehage. Fleksibel bruk av personale - lærar skifte elevgruppe etter behov. Følgje opp rekneskapstal gjennom året

## Kommuneplanen sin målsetjing

### Mål

Overordnet mål	Delmål
Bulyst og bustadtilbod	Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet
	Intensiv norskopplæring og god integrering av språklege minoritetar
	Legge til rette for gode møteplassar i alle tettstader
	Rask språkopplæring for språklege minoritetar
	Sikre god kvalitet i skule og barnehage
	Stryn kulturhus skal vere kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling
	Stryn skal ha eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv for å styrkje identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst
Folkehelse	Fokus på fysisk aktivitet og sunt kosthald
	Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester
	Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
Tilrettelegging for næringslivet	Godt samarbeid mellom skule og næringsliv
	Knyte bedrifter og næringsliv til fag i skulen

#### Fokus på fysisk aktivitet og sunt kosthald

Avsett tid til dagleg fysisk aktivitet i skulane Sunne måltid i barnehagane

#### Knyte bedrifter og næringsliv til fag i skulen

Utdanningsval i 9. klasse, arbeidslivsfaget på ungdomstrinnet.

#### Rask språkopplæring for språklege minoritetar

Tid avsett til nivåbasert norskopplæring.

#### Effektiv drift og god budsjett disiplin

Tilpasse bemanning etter tal barn i barnehage. Fleksibel bruk av personale - lærar skifte elevgruppe etter behov. Følgje opp rekneskapstal gjennom året

#### Fokus på fysisk aktivitet og sunt kosthald

Avsett tid til dagleg fysisk aktivitet i skulane Sunne måltid i barnehagane

## Knyte bedrifter og næringsliv til fag i skulen

Utdanningsval i 9. klasse, arbeidslivs faget på ungdomstrinnet.

## Rask språkopl ring for spr klege minoriteter

Tid avsett til niv basert norskopl ring.

## Driftsbudsjett med endringer

Bel p i 1000

		�konomiplan			
Avdeling		2020	2021	2022	2023
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>172 012</b>	<b>172 012</b>	<b>172 012</b>	<b>172 012</b>
Sum Vedtak forrige periode		3 275	3 185	3 185	3 185
Sum L�nns- og prisvekst		5 705	5 705	5 705	5 705
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>8 980</b>	<b>8 890</b>	<b>8 890</b>	<b>8 890</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>180 993</b>	<b>180 903</b>	<b>180 903</b>	<b>180 903</b>
<b>Omstilling og effektivisering</b>					
Omstilling og effektivisering	Skule og kultur	0	-900	-1 800	-2 700
<b>Sum Omstilling og effektivisering</b>		<b>0</b>	<b>-900</b>	<b>-1 800</b>	<b>-2 700</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Driftskonsekvens av endring av amortiseringsprinsipp KLP	Skule og kultur	-2 575	0	0	0
Innsparing �PL 2020 -2023	Skule og kultur	-901	-901	-901	-901
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-3 476</b>	<b>-901</b>	<b>-901</b>	<b>-901</b>
<b>Nye tiltak</b>					
"L�pande opptak" i barnehage	Skule og kultur	250	500	500	500
62156: Symjeopl�ring heile �ret	Skule og kultur	54	130	130	130
62166: Auka ramme PPT - bortfall av inntekter	Skule og kultur	440	725	725	725
66055: Ny bygdebok	Skule og kultur	25	25	25	25
66144: Strynehallen drift/utstyr	Skule og kultur	100	100	100	100
66147: Drift av Dagsturhytta	Skule og kultur	30	30	30	30
66149: Kulturhus - ny stilling 50 %	Skule og kultur	289	289	289	289
Abonnement tilskuddsportalen	Skule og kultur	50	50	50	50
Bruk av fritt disposisjonsfond etter vedtak i kommunestyret sak 163/19 - "Handlings- og �konomiplan 2020-2023 og budsjett 2020"	Skule og kultur	-600	-850	-850	-850
Driftstilskot til turl�pper og idrettsanlegg	Skule og kultur	300	300	300	300
S�rkilt skuleskyss	Skule og kultur	330	330	330	330
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>1 268</b>	<b>1 629</b>	<b>1 629</b>	<b>1 629</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>-2 208</b>	<b>-172</b>	<b>-1 072</b>	<b>-1 972</b>
<b>Ramme 2020-2023</b>		<b>178 784</b>	<b>180 731</b>	<b>179 831</b>	<b>178 931</b>

## Samandrag budsjett

Lønnskostnadane i skule- og kulturetaten aukar. Dette trass i nedgang i barne-og elevtal. Hovudårsaka til dette er eit lønssoppgjær som gjev store utslag i vår sektor. I tillegg ser vi auka behov for spesialundervisning og særleg oppfølging knytt til helse - både psykisk og fysisk.

Når det gjeld budsjetttrammer til andre utgifter, er desse relativt stramme. Det er her ein har hatt budsjettkutt siste åra. Difor er det også meldt behov for mange tiltak utover rammene. Det økonomiske handlingsrommet tilseier ikkje at alle desse behova vert innfridde.

Politiske vedtak legg i stor grad føringar for prioriteringar ein gjer. Påbegynte prosjekt må fullførast, dette gjeld både lokale til vaksenopplæringa og oppgradering av gymsalen i Olden. Vidare må ein møte behovet for barnehageplassar i Loen og oppvekstsenter i Vikane. Uteområde Stryn ungdomsskule og utbygging Tonning skule må også prioriterast i budsjettperioden. Av større driftstiltak er auka i bemanning er kulturhuset prioritert, i tillegg til kompensasjon for bortfall av inntekter PPT.

## Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

	Beløp i 1000	Pri.	Endringskode	Økonomiplan			
				2020	2021	2022	2023
62003: Digitale ferdigheiter - utstyr/pedagogisk programvare	0		Nytt tiltak	738	738	738	738
62081: Auka vikarbudsjett i grunnskulen	0		Nytt tiltak	666	666	666	666
62121: Kompetanseheving i oppvekstsektoren	0		Nytt tiltak	410	410	410	410
62131: Færre elevar per kontaktlærar	0		Nytt tiltak	297	711	711	711
62163: Solskjerming fire klasserom Tonning skule	0		Nytt tiltak	300	0	0	0
64001: Leikar/utstyr barnehage	0		Nytt tiltak	308	308	308	308
64054: Utbetringar i Vikalida barnehage	0		Nytt tiltak	85	0	0	0
64055: Utskifting kjøken Oppstryn barnehage	0		Nytt tiltak	30	0	0	0
66103: Auka tilskot til Singerheimen	0		Nytt tiltak	10	10	10	10
66104: Auke i årleg tilskot til Gargen Li	0		Nytt tiltak	10	10	10	10
66109: Ny felles skilting symjehall/kulturhus/kulturskule/skular/barnehagar	0		Nytt tiltak	300	0	0	0
66111: Tiltaksmidlar til lokal kunst- og kulturutvikling	0		Nytt tiltak	0	30	50	50
66128: Auka stilling kulturadministrasjonen	0		Nytt tiltak	192	192	192	192
66129: Tilskot kulturminne etter søknad	0		Nytt tiltak	100	100	100	100
66131: Faleide skulemuseum - formidling og utvikling	0		Nytt tiltak	0	0	0	100
66145: 100% ny stilling i Kulturskulen	0		Nytt tiltak	579	579	579	579
66150: Biblioteket 225 år - jubileum 2020	0		Nytt tiltak	75	0	0	0
66151: Bibliotek - ny stilling 50%	0		Nytt tiltak	295	295	295	295
66152: Bibliotek - budsjettauke utstyr	0		Nytt tiltak	0	50	50	50
66153: Kulturhus og kino - budsjettauke utstyr	0		Nytt tiltak	0	50	50	50
66154: Kulturskule - budsjettauke arrangement	0		Nytt tiltak	0	50	50	50
66155: Den kulturelle skulesekken - utviklingsprogram	0		Nytt tiltak	0	0	50	0
Søknad om støtte til prosjekt - Stryn Vinterski	0		Nytt tiltak	1 900	0	0	0
<b>Sum</b>				<b>6 295</b>	<b>4 199</b>	<b>4 269</b>	<b>4 319</b>

## Nye tiltak

### **62003: Digitale ferdigheiter - utstyr/pedagogisk programvare**

Ikt kunnskap er i den nye læreplanen rekna som grunnleggjande ferdigheiter på lik line med lesing og rekning.

God tilgang på berbare PC ar til både lærarar og elevar er nærast ein føresetnad for å gjennomføre læreplanen og for å gje elevane ei framtidretta utdanning. Maskinene må skiftast ut kvart 3-5 år. Det er viktig å sikre fornying og vedlikehald av utstyr. Infrastrukturen er avgjerande for god funksjonalitet, kapasitet og trådløst nettverk må oppgraderast.

### **62081: Auka vikarbudsjettt i grunnskulen**

Korttidsfråveret er høgre enn det skulane har midlar til å setje inn vikar for

### **62121: Kompetanseheving i oppvekstsektoren**

Sentrale styresmakter har lagt til rette for ei sterk satsing på vidareutdanning for lærarar i grunnskulen (Kompetanse for kvalitet) og ei satsing på kompetanseheving for tilsette i barnehagen. Det er avsett sentrale midlar til tiltaka, men det er forventat at kommunen stiller opp med eigne midlar dersom kommunen skal nytte seg av vidareutdanningstilboda som vert sett i gang.

### **62131: Færre elevar per kontaktlærar**

Tiltaket legg opp til gå tilbake til 12 elevar per kontaktlærar (ordning før 2013). Talet er i dag 15 elevar + at ein har fått tilført 3 ekstra kontaktlærarar som blir lagt til klassar med særskilt behov etter søknad. Skal ein dekke behovet for ein kontaktlærar per 12 elevar, vil dette innebere ekstra kostnad som vist.

### **62163: Solskjerming fire klasserom Tønning skule**

Høg temperatur i klasserom, noko som påverkar arbeidsforholda både for elevar og lærarar. Det er levert inn avvik på dette våren 2019. På dette klasserommet er det vår vurdering at det ikkje vil vere tilstrekkeleg med ei innvendig skjerming grunna varmeproblematikken, og ein må ha på plass ei utvendig løysing som kan fungere i kombinasjon med elevane sin bruk av til dømes ball på uteområdet.

### **64001: Leikar/utstyr barnehage**

Vedtekne forskrifter for offentlege leikeplassar/skular og barnehagar må overhaldast. Det er kommunen sitt ansvar å sjå til at leikeplassane og utstyret er i forskriftsmessig stand. Dette er eit kontinuerleg arbeid som årleg krev reparasjonar og utskifting av utstyr.

### **64054: Utbetringar i Vikalida barnehage**

Viktig med beising av barnehagen. Den ber tydeleg preg av at dette trengst. Også viktig å få satt inn eit vindaug som kan opnast på formingsrommet. Dette rommet har det vore målt luftkvalitet i som synte dårlege verdiar. Dette gjer og at rommet ikkje blir brukt så mykje som vi ynskjer.

I bakken bak barnehagen er det i periodar med mykje nedbør, mykje vatn som kjem opp av jorda. I frostperiodar blir det store issvullar og som spreier seg nedover bakken. Dette gjer at vi må stenge av området når det blir for gale. Dette med tanke på sikkerheit. Tiltaket her må vere å få drenert skikkeleg.

#### **64055: Utsifting kjøken Oppstryn barnehage**

Mattilsynet har gjeve pålegg om utbetring av kjøken. Heile innreiinga bør skiftast.

#### **66103: Auka tilskot til Singerheimen**

Har årleg tilskot på kr. 50 000, bør aukast med 10 000 - årleg 60 000.

#### **66104: Auke i årleg tilskot til Gargen Li**

Har årleg tilskot på 50 000, bør aukast med 10 000 - til årleg 60 000.

#### **66109: Ny felles skilting symjehall/kulturhus/kulturskule/skular/barnehagar**

Etter ombygging nyttar kulturhuset, symjehallen og kino same inngang. Det er difor behov for skilting slik at besøkande lett kan ta seg fram til ynskt lokale. Det er også krav frå politi for å kunne orientere seg i høve alvorlege hendingar – gjeld også skular og barnehagar.

Kostnad 300 000

#### **66111: Tiltaksmidlar til lokal kunst- og kulturutvikling**

Mange lag og organisasjonar synes at det er dyrt å leige lokaler i ulike kulturbygg. Dette tiltaket er meint å kunne støtte opp om lag og organisasjonar som treng stimuleringsmidlar for å setje i gang ulik kunst- og kulturformidling i sal eller scene.

#### **66128: Auka stilling kulturadministrasjonen**

Grunna auka aktivitet er det behov for auka bemanning – 30% stilling.

#### **66129: Tilskot kulturminne etter søknad**

Kommunedelplan for kulturminne er vedtatt i kommunestyret. Handlingsprogram følg planen, men det er ikkje budsjettert midlar til tiltak.

Årleg kostnad kr. 100 000



**66131: Faleide skulemuseum - formidling og utvikling**

Utvikle museet til eit levande kulturtilbod.

**66145: 100% ny stilling i Kulturskulen**

Auka elevtal og aktivitet - krev fleire tilbod og dermed tilsette.

**66150: Biblioteket 225 år - jubileum 2020**

Som eitt av dei eldste biblioteka i landet - 225 år, skal dette markerast med ein rekke arrangement gjennom heile året.

**66151: Bibliotek - ny stilling 50%**

Stor aktivitet og lange opningstider - krev fleire tilsette. Alternativet er å redusere aktiviteten

**66152: Bibliotek - budsjettauke utstyr**

Utstyr blir gamalt og ein ventar for lenge med å skifte ut då rammene er for små - fordyrande

**66153: Kulturhus og kino - budsjettauke utstyr**

Utstyr blir gamalt og må skiftast ut. Budsjettrammene er små, og ein ventar for lenge - fordyrande

**66154: Kulturskule - budsjettauke arrangement**

Kulturskulen ønskjer fleire arrangement, og det kostar utover rammene

**66155: Den kulturelle skulesekken - utviklingsprogram**

Nytt program for utvikling av tilbodet

**Søknad om støtte til prosjekt - Stryn Vinterski**

For neste år er det planlagd følgjande prosjekt:

<i>Prosjektplan miljøretta tiltak i Steindalen for Stryn Vinterski 2020</i>					
<b>Periode</b>	<b>Aktivitet / hovudfokus</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Spelemidler</b>	<b>Stryn kommune</b>	<b>Privat/Andre/VA/Dugnad</b>
2020	Framføring av straum til Steindalen	1,2 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill
	Utbetring av anleggsveg / Utbetring nedfart Steindalen	1,2 mill	0,4 mill	0,4 mill	0,4 mill
	Varmestove Steindalen	5,3 mill	1,2 mill	1,1 mill	3,0 mill
<b>Totalt</b>		<b>7,7 mill</b>	<b>2,0 mill</b>	<b>1,9 mill</b>	<b>3,8 mill</b>

Neste års prosjekt rundt Steindalsheisen henge saman og vere avhengig av kvarandre. Resultat og gevinst av gjennomføring av desse prosjekta er at vi kan kutte ut dieselaggregatet, tilrettelegging for lys i Steindalen, skape ly og «atmosfære» når vergudane er i røffaste laget der oppe og lage ein tryggare og forlenga nedfart bak Nakkjen.



## Helse og sosial

### Beskriving av dagens verksemd

Helse- og sosialetaten yter tenester til alle aldrar i befolkninga. Tenesteyting er organisert p a f olgjande m ate:

Eining for pleie- og omsorgstenester, omr ade Stryn og omr ade Vikane. Under desse omr ada kjem dagtilbod til heimebuande demente, aktivitetstilbod for eldre, institusjonsdrift, heimesjukepleie, praktisk bistand i heimen og kj okkendrift p a kvar av omr ada. Omr ade Stryn har i tillegg heild ognsbemanna omsorgsbustadar. Omr ade Vikane har eige reinhaldspersonale.

Eining milj - og velferdstenester yter tenester i heimen til personar med psykisk utviklingshemma, samt arbeidssenter. I tillegg er tenester innan psykisk helse og rus, transporttenester/f olgekort/parkeringskort, st ttekontaktsordning og avlastning for barnefamiljar knytt til denne eininga.

Eining helsetenester omfattar helsestasjon med skulehelseteneste og jordmordteneste, legekontor, legevakt og legevaktformindling samt fysio- og ergoterapitenester.

I tillegg inneheld helse- og sosialetaten barnevernteneste, sosiale tenester i NAV og flyktingteneste.

Saksbehandling av Husbanksaker og skjenkesaker ligg til denne etaten.

## Utfordringar og strategi

Det vert i mange samanhengar vist til at vi vert fleire eldre som har behov helse- og sosialtenester i åra som kjem. Dette gjeld også for Stryn kommune. Vi må legge til rette for at innbyggjarane også i framtida får trygge og gode tenester. Vi må nytte kompetansen rett, vi må finne effektive måtar å yte tenester på, vi må organisere oss rett og vi må nytte tilgjengeleg teknologi for å oppretthalde eit kvalitativt og forsvarleg tenestetilbod.

Som ein følge av at vi stadig lever lenger vert det fleire med komplekse og samansette behov. Demens viser seg å vere stor auke i forekomstar.

Det vert også vist til at det vert færre tenesteytarar i framtida. Det vert fødde færre enn tidlegare, og mange vel andre fagområde enn helse- og sosialtenestyting. Ei knappheit på kompetanse på landsbasis er særskilt gjeldande for Stryn kommune. Vi ser allereie no at vi har utfordringar med rekruttering. Dette gjeld særskilt lege-, sjukepleie, vernepleie- og psykologkompetanse. Dette er eit område vi må ha fokus på og legge strategiar for rekruttering. Mangel på kompetanse fører til press på lønn og andre kostnader knytt til stillingar innan dette fagområdet.

I eit godt pasientforløp skal tenestene vere saumlause. Vi opplever utfordringar med dette både i høve eksterne samarbeidspartar (eks. spesialisthelsetenesta) og internt i tenestene våre. Meir komplekse diagnosebilete og helsesituasjon, fleire med kroniske lidingar og yngre med samansette behov skapar større behov for samhandling og heilskapleg kompetanse. Det vert viktig i åra som kjem å ha dette i fokus.

Institusjonsplassar og tilrettelagte bustadar vil verte ein mangel. Fleire må bu lenger heime enn tidlegare. Hjelpa må ystast i heimen, og heimen må vere tilrettelagt for å kunne nytte ulike hjelpemiddel. For å kunne imøtekomme auken i behov for tilrettelagte bustadar må innbyggjarane ta eit større ansvar for eigen alderdom. Dette må kommunen kommunisere til innbyggjarane og legge til rette for god informasjon, råd og veiledning samt vurdere tilskotsordningar i høve utbetring m.m.

Kommunen får stadig ført over nye oppgåver frå staten. Store endringar som kan nemnast er samhandlingsreforma der oppgåvene vert flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Dette gjeld både somatikk og psykiatri. I tillegg har reforma kravd ei stor endring i legekontordrifta og press på fastlegeordninga. I barneverntenesta ser vi at staten også forventar at kommunen skal ta oppgåvene sjølve. Dette gjeld både å utføre tiltaksarbeid i heimen samt finansiering rundt fosterheims plassering og institusjonsdrift. Nye lovkrav set også tenesteytinga under press. Helsepersonell får stadig større ansvar på ulike områder og brukarane får nye rettigheter som kostar mykje for kommunen å innfri. Det viser seg dessverre at finansiering ikkje føl med på lik linje med nye lovkrav og retningslinjer for tenestytinga. Det krev ein stadig meir effektiv ressursutnytting frå kommunen for å stette alle krav og forventningar.

Innan personal har vi i helse- og sosialetaten svært mange tilsett som arbeider i deltidstillingar. Ein del har til dels små stillingar. Hovudutfordringa er behov for bemanning i helgane. Ved arbeid kvar 3. helg krev det mange tilsette, det er vanskeleg å fylle desse stillingane til heile stillingsheimlar. Det vert arbeidd aktivt med å få til større stillingsheimlar.

## Kostra-analyse

	Stryn 2017	Stryn 2018	Kostragruppe 10	Sogn og Fjordane	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>					
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	52,4 %	48,9 %	58,7 %	57,3 %	59,7 %
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	3 773	5 361	10 928	10 037	10 819
<b>Produktivitet</b>					
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252)	412 222	413 182	407 694	447 834	443 947
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. mottaker (1000 kr)	18,8	30,7	163,7	137,2	169,7
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	100 902	135 957	145 562	161 633	174 417
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	36 500	34 544	42 947	39 603	48 410
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 126 418	1 178 591	1 186 314	1 165 113	1 213 371
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	3 644	3 429	3 613	3 683	3 710
<b>Dekningsgrad</b>					
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,1 %	2,2 %	3,9 %	3,3 %	3,1 %
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	97,2 %	104,4 %	68,9 %	92,8 %	81,4 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	33,1 %	32,8 %	39,4 %	30,9 %	41,9 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	2,5 %	3,0 %	4,9 %	3,6 %	4,8 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	5,7	4,6	106,0	134,0	2 203,6
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	9,0	9,2	7,6	8,7	7,6
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	65,0	107,3	94,0	107,0	82,1
<b>Kvalitet</b>					
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	55,6 %	55,6 %	86,6 %	92,5 %	89,7 %
Andel pasienter på liste uten lege	25,9 %	8,4 %	1,2 %	1,6 %	1,2 %
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	97,7 %	98,4 %	98,0 %
Gjennomsnittlig listelengde	674,0	693,0	1 016,0	785,0	1 063,0
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,44	0,43	0,49	0,43	0,57
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	2,8	3,1	4,9	4,6	5,0
<b>Andre nøkkeltall</b>					
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning	83,0 %	100,0 %			
Innvandrere i prosent av befolkningen	16,0 %	15,7 %			

### Barnevern:

Vi ligg noko under dei vi samanliknar oss med når det gjeld del netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevern i 2018. Dette har bakgrunn i at det har vore relativt få tilsette i barnevern og at vi har hatt relativt få barn plassert utanfor heimen. Det er i 2019 tilført større ressursar i barnevern, samt vi har hatt meir kostbare plasseringar enn tidlegare. Talet her vil difor truleg endre seg.

Det same gjeld netto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-17 år, barnverntenesta. Vi ligg under dei andre men ser ei auke frå 2017 til 2018. Denne auken vil truleg halde fram i 2019. Vidare ser vi at kostnad pr. barn som er plassert ligg på same nivå som kostragruppe 10 men under Sogn og Fjordane og landet. Vi brukar

noko mindre pr. barn i tiltak enn dei vi samanliknar oss med. Dette gjeld både barn med tiltak i heimen og barn plassert utanfor heimen. Dette vil sannsynlegvis også auke noko i 2019 då vi har hatt inne kostbare tiltak.

Del barn med barnevernstiltak viser at vi framleis ligg noko under dei andre når det gjeld barn med tiltak sett i høve innbyggjartalet.

### **Flyktingtenesta:**

Vi ligg langt under dei andre kommunane når det gjeld driftsutgifter til introduksjonsordninga. Dette skuldast at vi har få tilsette som i flyktingtenesta sett i forhold til tal flyktingar vi buset. Vidare skuldast det at ungdomar som går på vidaregåande ikkje motteke introduksjonsstønad, men søker lån frå Lånekassa. Fleire kommunar vel å betale dette som introduksjonsstønad.

I 2018 busette vi like stort tal flyktingar som vi fekk anmodning om.

### **Sosiale tenester:**

Vi ligg noko under dei vi samanliknar oss med når det gjeld driftsutgifter til sosialhjelp pr. mottakar. Mange av sosialhjelpsmottakarane i Stryn har sosialhjelp som supplerande inntekt. Dette vil gje utslag på utgift pr. mottakar. Vi ligg under både kostragruppe 10 og landet på tal sosialhjelpsmottakarar som har sosialhjelp som hovudinntekt. Når det gjeld lengde på å motta sosialhjelp som hovudinntekt ser vi at Stryn ligg langt under dei vi samanliknar oss med. Dette tyder på målretta arbeid for å skaffa anna inntekt for desse brukarane.

### **Helsestasjon:**

Statistikken viser gode tal når det gjeld tal barn som har fullført helseundersøking innan 1. klasse. Her ligg vi over gruppene vi samanliknar oss med. Vidare har vi relativt god dekning helsesjukepleiarar. Dette har årsak i at vi dei siste åra har motteke tilskot til ekstra ressursar ved helsestasjonen.

### **Fysioterapi:**

Årsverk fysioterapi ligg høgare enn dei vi samanliknar oss med. Vi har relativt god dekning med fysioterapi i Stryn kommune, men ser likevel at ventelistene kan vere lange.

### **Legeteneste:**

Listelengde til legar i Stryn ligg under alle tre gruppene vi samanliknar oss med. Dette vil ha betydning for oppfølging kvar lege kan gje til pasientane, og kor lenge pasientane må vente på å få tildelt time. Det må verte nemnt at det er ein føresetnad at alle fastlegane som har listene er på plass. Siste åra har vi hatt utfordring med å ha legar til alle listene. Fråvær av legar fører til større press på dei andre legane og gjev dermed mindre tilgjengelegheit for pasientane. Dette viser igjen på at vi har relativt stor andel med pasientar på liste utan lege.

### **Pleie og omsorg:**

Vi ligg likt med dei andre når det gjeld utgifter til bebuarar i institusjon. Vi ligg under på brukartilpassa rom m/eige bad/w. Dette gjeld særskilt Vikane omsorgssenter som har behov for renovering for å stette dagens krav. Vi tilbyr einerom til alle (100% både i 2017 og 2018). Vi ligg på gjennomsnittet på å ha legetilsyn på sjukeheimsavdelingane våre.

## Kommuneplanen sin målsetjing

### Mål

Overordnet mål	Delmål
Bulyst og bustadtilbod	Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet Bruke verktøy frå Husbanken slik at innbyggjarane som har trong for bistand til kjøp og/eller utbetring av bustad får tilbod om tilskot og/eller startlån Eit godt tenestetilbod innan pleie- og omsorg Tilgjengelege helse- og omsorgstenester
Folkehelse	Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester Gode helsetenester til innbyggjarane Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
Tilrettelegging for næringslivet	God dialog mellom kommunen og servering, sal og skjenkestadar med fokus på "Ansvarleg vertskap", samt trygg og forutseileg alkohol- og tobakkhandtering i kommunen. NAV tett dialog med næringslivet for utveksling av kompetanse. Dette for å finne arbeidsplassar for dei som har behov for dette og for å tilby arbeidskraft til næringslivet ved meldt ledighet til NAV Oppfølging av verksemder som tilbyr arbeid til flyktningar

#### **Bruke verktøy frå Husbanken slik at innbyggjarane som har trong for bistand til kjøp og/eller utbetring av bustad får tilbod om tilskot og/eller startlån**

- Sende behovsmelding til Husbanken innan fristen og nytte midlar frå Husbanken til Startlån - Nytte avsette midlar til tilskot. Frå 2020 kjem tidlegare øyremerka tilskot via rammeoverføring. Stryn kommune ser ikkje mulighet å setje av nye midlar i 2020, men vil nytte tidlegare avsette midlar til dette føremålet. Dette som eit verktøy for å hjelpe innbyggjarar som stettar kriteria til å få tilskot.

#### **Eit godt tenestetilbod innan pleie- og omsorg**

Tilby korttidsplassar og rehabiliteringsplassar med oppfølging og opptrening framfor langtidsplassar ved institusjon. Tilby einerom ved institusjon. Gjennomføre førebyggjande heimebesøk for å tilrette bustad for å kunne bu lengt muleg i eigen heim. Implementere kvardagsrehabilitering i tenestetilbodet Spørje brukar om kva som er viktig for han/henne Tenester basert på brukarundersøkingar Rekruttere til fag- og høgskulestillingar. Motivere ufaglærte til å ta utdanning Gjennomføre leiarutdanningsprogram Nå kommunen si målsetning om nærvær (unngå sjukefråvær så langt det let seg gjere)

#### **God dialog mellom kommunen og servering, sal og skjenkestadar med fokus på "Ansvarleg vertskap", samt trygg og forutseileg alkohol- og tobakkhandtering i kommunen.**

Opplæring ved tildeling av løyve. Informasjonsmøte 1 gang pr. år. Oppfølging ved brot på alkohol- og tobakkreglar. Rullering av Rusmiddelpolitisk handlingplan i løpet av 2020 med involvering frå sal- og skjenkestadar.

## **Gode helsetenester til innbyggjarane**

- tilgjengelige helsetenester ved fastlege - oppfølging av alle born og unge ved helsestasjonstenester og skulehelsetenester - tilbod til barn og unge om tilgang til psykisk helsearbeidar - driftsavtaler med fysioterapeutar - driftsavtaler med fastlegar - tilgjengelige tenester innan psykisk helse og rus til innbyggjarar som har trong for dette - rehabiliteringstenester for innbyggjarar som har trong for dette

## **NAV tett dialog med næringslivet for utveksling av kompetanse. Dette for å finne arbeidsplassar for dei som har behov for dette og for å tilby arbeidskraft til næringslivet ved meldt ledighet til NAV**

Faste møtepunkt mellom NAV og næringslivet

## **Oppfølging av verksemder som tilbyr arbeid til flyktningar**

Dialog mellom flyktingtenesta, NAV og næringslivet

## **Tilgjengelege helse- og omsorgstenester**

Informasjon om tenesteytinga på heimesida med link til kontaktpunkt/søknadsskjema for å få tenester. Informasjon om opningstider på heimesida Rask kartlegging av tenestebehov

## **Bruke verktøy frå Husbanken slik at innbyggjarane som har trong for bistand til kjøp og/eller utbetring av bustad får tilbod om tilskot og/eller startlån**

- Sende behovsmelding til Husbanken innan fristen og nytte midlar frå Husbanken til Startlån - Nytte avsette midlar til tilskot. Frå 2020 kjem tidlegare øyremerka tilskot via rammeoverføring. Stryn kommune ser ikkje muligheit å setje av nye midlar i 2020, men vil nytte tidlegare avsette midlar til dette føremålet. Dette som eit verktøy for å hjelpe innbyggjarar som stettar kriteria til å få tilskot.

## **Eit godt tenestetilbod innan pleie- og omsorg**

Tilby korttidsplassar og rehabiliteringsplassar med oppfølging og opptrening framfor langtidsplassar ved institusjon. Tilby einerom ved institusjon. Gjennomføre førebyggjande heimebesøk for å tilrette bustad for å kunne bu lengt muleg i eigen heim. Implementere kvardagsrehabilitering i tenestetilbodet Spørje brukar om kva som er viktig for han/henne Tenester basert på brukarundersøkingar Rekruttere til fag- og høgskulestillingar. Motivere ufaglærte til å ta utdanning Gjennomføre leiarutdanningsprogram Nå kommunen si målsetning om nærvær (unngå sjukefråvær så langt det let seg gjere)



**God dialog mellom kommunen og servering, sal og skjenkestadar med fokus på "Ansvarleg vertskap", samt trygg og forutseileg alkohol- og tobakkhandtering i kommunen.**

Opplæring ved tildeling av løyve. Informasjonsmøte 1 gang pr. år. Oppfølging ved brot på alkohol- og tobakkreglar. Rullering av Rusmiddelpolitisk handlingplan i løpet av 2020 med involvering frå sal- og skjenkestadar.

### **Gode helsetenester til innbyggjarane**

- tilgjengelige helsetenester ved fastlege - oppfølging av alle born og unge ved helsestasjonstenester og skulehelsetenester - tilbod til barn og unge om tilgang til psykisk helsearbeidar - driftsavtaler med fysioterapeutar - driftsavtaler med fastlegar - tilgjengelige tenester innan psykisk helse og rus til innbyggjarar som har trong for dette - rehabiliteringstenester for innbyggjarar som har trong for dette

**NAV tett dialog med næringslivet for utveksling av kompetanse. Dette for å finne arbeidsplassar for dei som har behov for dette og for å tilby arbeidskraft til næringslivet ved meldt ledighet til NAV**

Faste møtepunkt mellom NAV og næringslivet

### **Oppfølging av verksemder som tilbyr arbeid til flyktingar**

Dialog mellom flyktingtenesta, NAV og næringslivet

### **Tilgjengelege helse- og omsorgstenester**

Informasjon om tenesteytinga på heimesida med link til kontaktpunkt/søknadsskjema for å få tenester. Informasjon om opningstider på heimesida Rask kartlegging av tenestebehov

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>177 830</b>	<b>177 830</b>	<b>177 830</b>	<b>177 830</b>
Sum Vedtak forrige periode		8 639	9 119	9 119	9 119
Sum Lønns- og prisvekst		6 343	6 343	6 343	6 343
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>14 982</b>	<b>15 462</b>	<b>15 462</b>	<b>15 462</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>192 812</b>	<b>193 292</b>	<b>193 292</b>	<b>193 292</b>
<b>Omstilling og effektivisering</b>					
Omstilling og effektivisering	Helse og sosial	0	-950	-1 900	-2 850
<b>Sum Omstilling og effektivisering</b>		<b>0</b>	<b>-950</b>	<b>-1 900</b>	<b>-2 850</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Driftskonsekvens av endring av amortiseringsprinsipp KLP	Helse og sosial	-6 154	0	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-6 154</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak</b>					
50 % stilling flyktningtenesta	Helse og sosial	289	289	289	289
Alarmsystem Vikane omsorgsenter, Reedbakken	Helse og sosial	50	0	0	0
Auke 0,12 stilling LIS1 rettleiar	Helse og sosial	96	96	96	96
Auke 0,5 stilling heimesjukepleien Vikane	Helse og sosial	419	419	419	419
Andre tiltak	Helse og sosial	429	429	429	429
Bruk av avsette midlar til prosjekt kvardagsrehabilitering	Helse og sosial	-55	0	0	0
Bruk av fritt disposisjonsfond etter vedtak i kommunestyret sak 163/19 - "Handlings- og økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020"	Helse og sosial	-300	-300	-300	-300
Flyktningtenesta auke med 0,5 % stilling	Helse og sosial	300	300	300	300
Utstyr legevaktbil, daglegevakt Stryn	Helse og sosial	120	6	6	6
Øyremerka tilskot til dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens er teke inn i rammetilskotet frå 01.01.20.	Helse og sosial	396	396	396	396
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>1 744</b>	<b>1 635</b>	<b>1 635</b>	<b>1 635</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>-4 410</b>	<b>685</b>	<b>-265</b>	<b>-1 215</b>
<b>Ramme 2020-2023</b>		<b>188 402</b>	<b>193 977</b>	<b>193 027</b>	<b>192 077</b>

## Samandrag budsjett

Det har vore ei utfordring å få budsjettet i balanse. Leiarane i dei ulike tenestene har meldt om behov for auke i bemanning og andre type tiltak som fremjar tenestytinga sin kvalitet. Det har vore lite rom for endringar. Mange av tiltaka er grunna i behov for førebyggjande arbeid. Vi ser at dette er rett og viktig bruk av midlar. Førebyggjande arbeid vil gje gevinstar på sikt. Vi har likevel ikkje greitt å finne rom for dette.

Største delen av budsjettet er knytt mot lønnskostnadar. Av andre kostnadar er det særleg kjøp av tenester frå interkommunale samarbeid og drift av bygningar og utstyr som gjev store utslag.

## Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000	Pri. Endringskode		Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Auke 0,2 stilling frisklivssentral	0	Nytt tiltak	109	115	115	115
Auke 0,35 stilling Stryn omsorgssenter, dagsenter for heimebuande demente	0	Nytt tiltak	218	218	218	218
Auke 0,5 stilling heimesjukepleien område Stryn	0	Nytt tiltak	419	419	419	419
Auke 1,0 stilling ergoterapeut	0	Nytt tiltak	763	763	763	763
Auke 2,6 stilling i tenester funksjonshemma	0	Nytt tiltak	1 400	1 400	1 400	1 400
Bil psykisk helse og rus	0	Nytt tiltak	102	102	102	102
Heisar, Stryn omsorgssenter, avdeling Fiolen.	0	Nytt tiltak	34	0	0	0
Kurs, seminar, kompensasjon - legekantor	0	Nytt tiltak	70	70	70	70
Leasing legevaktbil, daglegevakt Stryn	0	Nytt tiltak	60	60	60	60
Sengar, nattbord, madrasser - Vikane omsorgssenter	0	Nytt tiltak	140	140	140	140
Tilskot Husbankordningar	0	Nytt tiltak	200	200	200	200
<b>Sum</b>			<b>3 515</b>	<b>3 487</b>	<b>3 487</b>	<b>3 487</b>

### Nye tiltak

#### Auke 0,2 stilling frisklivssentral

Frisklivssentralen har 40% stilling pr. i dag. Det er ikkje tilstrekkeleg kapasitet til å arbeide med alle målgruppe slik ein ynskjer. Barn og unge si fysiske helse er eit av områda som er mangelfult. Det vert meldt behov om 20% auke i stilling ved sentralen for å kunne arbeide meir med denne målgruppa.

#### Auke 0,35 stilling Stryn omsorgssenter, dagsenter for heimebuande demente

Det er fleire innbyggjarar som har behov for dagtilbod enn vi i dag kan ta imot. Det er difor bedt om auke i kapasitet slik at ein kan halde ope ein dag meir pr. veke enn i dag. Det er pr. i dag tilbod 2 dagar pr. veke. For å halde ope ein dag til må det tilførast 35% stilling.

### **Auke 0,5 stilling heimesjukepleien område Stryn**

Heimesjukepleien har behov for auke i stilling for å kunne utføre tenesteytinga på ein kvalitativ god måte. Samhandlingsreforma har gitt større utfordringar med tidlegare utskrivningsklare pasientar. Kompleksitet og mengde brukarar har auka. Det har kome nye lovkrav i forhold til ernæring, og det er trengare krav til dokumentasjon. Fleire brukara har funksjonssvikt som fører til at dei har behov for mykje hjelp i heimen. Vanskelig å nå utkantane med tilstrekkelig hjelp for å oppfylle hjelp dei har krav på etter helse- og omsorgstjenestelova. Vi skal arbeide meir førebyggjande og målet er at eldre skal kunne bu lenger i eigen heim. Det er sett i gang prosjekt for innføring av kvardagsrehabilitering. Dette krev meir oppfølging frå heimesjukepleien. I samband med dette vil tenesta også få meir arbeid i høve hjelpemiddelhandtering (bestilling, tilpassing, justering). Avdelinga bed om ei auke med 0,5 årsverk.

### **Auke 1,0 stilling ergoterapeut**

Det har i fleire år vore diskutert stillingsauke som ergoterapeut på fysio- og ergoterapiavd. Ein ser at arbeidsoppgåvene aukar, og at dagens situasjon med berre ei kommunal stilling for ergoterapeut ikkje held. Med fokus på reform «Leve hele livet» ser ein at kompetansen til ergoterapeut er ei viktig brikke. Aktuelle arbeidsoppgåver som må prioriterast for ny stilling:

1. Gjennomføre kartlegging hos brukara i høve saksbehandling i tildelingsnemda.
2. Kvardagsrehabilitering. Kunne vidareføre arbeidet med kvardagsrehabilitering etter endt prosjektperiode.
3. Bistå i høve velferdsteknologi
4. Førebyggjande heimebesøk. Dersom det er aktuelt å senke aldersgrense frå 80 til f.eks. 75 år, trengs det auka ressursar for å gjennomføre besøka.
5. Knyte ergoterapeut til arbeid blant barn og unge. Pr. i dag har kommunal ergoterapeut berre kapasitet til å bistå vaksne.

### **Auke 2,6 stilling i tenester funksjonshemma**

Behov for auke i turnus for å yte tilfredsstillande tenester til brukarane

### **Bil psykisk helse og rus**

Det er meldt inn behov for at psykisk helse og rus får eigen leasingbil. Dette for at dei skal ha mulegheit for aktivitetar med dagsenteret, samt ved behov for å køyre brukarar til/frå noko (butikk, timeavtalar, som følgjeperson o.a.)

### **Heisar, Stryn omsorgssenter, avdeling Fiolen.**

I møtebok for Arbeidsmiljøutvalet, datert 05.06.19., er det vedteken prioritert liste etter vernerunde 2019. Første prioritet på denne lista frå helse og sosial er nye heisar på Fiolen. Kostnadsoverslag er på kr. 34.000,-.

## Leasing legevaktbil, daglegevakt Stryn

Utgifter leasingbil

### Utgifter leasingbil

Dette er kostnadene Vågsøy-kommune har med sin legevaktsbil.

Månedspris: 3.552 eks. mva. (ink. dekkhotell, dekkjøp, levering av bil fra forhandler, service og vedlikehold). Maksimal kjørelengde 10.000 km, leietillegg over dette kr 1,50 pr. km. Ingen forskuddsleie.

I denne prisen er ikke lakkering av bil inkludert.

### Sengar, nattbord, madrasser - Vikane omsorgssenter

Sengar har 15 års levetid etter hjelpemiddelsentralen sine retningslinjer. Vikane omsorgssenter har mange sengar som er eldre enn dette. Det er behov for å skifte ca 5 stk i året i 4 gjennom heile økonomiplanperioden. Pris på seng ca 15.000.- Nattbord ca 3000.- Trykkavlastande madrass: 5 stk a kr 10000.- Viktig for å forebygge trykksår for dei dette gjeld.

### Tilskot Husbankordningar

F.o.m. 2020 vert følgjande tilskot fordelt til kommunane via rammetilskot:

- tilskot til etablering
- tilskot til tilpassing
- tilskot til utbetring
- tilskot til prosjektering

Dette må difor leggest inn i budsjettet.

Tilskot til desse føremåla er viktig med tanke på at flest muleg skal bu heime også etter at dei har fått eit behov for hjelp. Dette vil redusere trong for institusjonsplassar.

## Ønska investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
<b>Helse og sosial</b>					
Innkjøp av velferdsteknologi	150	0	0	0	0
<b>Sum Helse og sosial</b>	<b>150</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum investeringsprosjekter</b>	<b>150</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Teknisk

### Beskriving av dagens verksemd

### Om Teknisk etat

Teknisk etat omfattar offentlig infrastruktur som vassforsyning, avløpshandtering, overvasshandtering, flaumvegar, demningar, kommunale vegar og plassar, karttenester, stell av kommunalt grøntareal, oppmåling, matrikkel, tinglysing, sal av kommunale bustadtomter, brann, feiing, redning, byggjesak og regulering, samt prosjektgjennomføring av infrastrukturprosjekt.

Kommunen har organisert handtering av hushaldningsavfall i NOMIL IKS. Kommunen er igjennom Nordfjord havn IKS med i Nordfjord IUA beredskap mot akutt forureining. Kommunen har beredskapslager mot akutt forureining på vegne av Kystverket og Nordfjord IUA der brannvesenet har ansvar for vedlikehald og ettersyn. Kommunen er med i alarmsentralen IKS, og avtale med nabokommunar om gjensidig bistand innan brann/redning. Avtale med Miljøservice AS for innsamling, transport og behandling av slam fram til 31.12.2021. Avtale med fleire tilbydarar for brøyting/strøing av kommunale vegar fram til 15.04.2022.

Teknisk etat er fordelt på fire avdelingar og har omkring 27 årsverk.

### Utfordringar og strategi

#### Planarbeid

Ferdigstilling av kommunedelplan for avløp og overvatn, og kommunedelplan for vassforsyning.

Regulering av nye bustad og næringsområder.

Kartlegging av naturfare.

Klausulering av vasskjelde i Loen (Tyva).

## Strategier

Politisk forventningsavklaring til brannvesen. Kva roller og funksjonar skal brannvesenet ta i vare og vere rigga for i framtida.

Asfaltering av flest muleg kommunale vegar for å minke behov for drift. Forenkling av vinterdrift, og mindre støvplager.

Auka fokus på overvasshandtering for å minske skadar og følgjeskadar.

## Hovudutfordringar

Kapasitet for gjennomføring, er ikkje i samsvar med behov. Medfører sterkt press på enkelte tilsette. Rekruttere og behalde tilsette.

Pågåande planarbeid innan vatn og avløp viser store investeringsbehov innan området. Reinseanlegg i Stryn og Loen, forsterking av vassforsyning, behov for forsterka overvasshandtering. Lyt pårekne auke i kommunale VA-gebyr.

Kommunen lyt stadig bruke meir på skred og flaumsikring, samt drift av nye og eksisterande sikringsanlegg.

Nye brannstasjonar. Rosanalyse for bygningar med krav til særskild assistanse (Vikane omsorgssenter, område med konsentrert industri) viser at vi lyt flytte brannstasjon frå Utvik til Innvik.

Kommunale vegar. Vedtatt full gjennomgang av alle private og kommunale vegar for å finne ny kommunal vegstruktur. Forventar at nokre vegar går frå privat til kommunal, og ein del frå kommunal til privat.

Store investeringsbehov på kommunale vegar. Mykje vegar med dårleg bereevne. Hindrar tungtransport som f.eks. tømmertransport. Gjev dårleg framkomelegheit.

Treng felles GIS koordinator for Nordfjordkommunane.

Treng oppretting av faste stillingar for byggjesakstilsyn/ulovlegheitsoppfølging i Nordfjord.

Treng oppretting av faste stillingar for tilsyn innan mindre avløpsanlegg i Nordfjord. Manglande oppfølging av private og kommunale avløpsanlegg der kommunen er myndigheit. Koplast til arbeidet med vassdirektivet.

Brannmannskap har ikkje alle lovpålagte kurs. Treng å fullføre obligatoriske kurs.

Brann får stadig fleire oppgåver frå politi og helse. Set krav til endra kompetanse, og medfører større utstyr- og opplæringsbehov.

## Kostranalyse

	<b>Stryn 2017</b>	<b>Stryn 2018</b>	<b>Kostragruppe 10</b>	<b>Sogn og Fjordane</b>	<b>Landet uten Oslo</b>
<b>Prioritet</b>					
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	6,3	9,1	14,9	13,3	17,7
Brann- og ulykkesvern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	1,4 %	1,6 %	1,4 %	1,7 %	1,5 %
<b>Produktivitet</b>					
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 470	2 618	4 354	3 547	4 146
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	114 918	107 152	110 876	100 242	157 216
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	1 925	2 110		2 088	1 579
<b>Kvalitet</b>					
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	368	368	433	508	468

Veg:

Nedgang frå 2017 til 2018 kjem av at flaumskade på veg i Utvik blei feilført i rekneskap i 2017.



## Kommuneplanen sin målsetjing

### Mål

Overordnet mål	Delmål
Bulyst og bustadtilbod	<p>Bygging av veg og GS-veg, Leitekvia-Solvik-Loen</p> <p>Detaljregulering, innløyasing og opparbeiding av Tonningkamben med tilførselveggar.</p> <p>Innløyasing av grunn og opparbeiding av bustadfelt i Solvik.</p> <p>Kommunen skal prioritere å få på plass attraktive bustadfelt i vekstområdet Stryn sentrum – Loen. Dette gjeld mellom anna bustadfeltet Solvik/Rake. Når det gjeld resten av kommunen skal ein leggje i hovudsak ut område for LNF – område med spreidd bustader, i tillegg til nokre få bustadfelt i dei største tettstadane</p> <p>Opparbeiding av bustadfelt på Rake trinn 3 og 4.</p> <p>Opparbeiding av ny veg på Storesunde inkludert utviding av vatn og avløp.</p>
Folkehelse	<p>Auka fysisk aktivitet for alle, mellom anna ved å leggje til rette for fleire gang- og sykkelveggar, sentrumsnære turstiar, badeplassar og sikker tilgang til natur- og friluftsområde</p> <p>Etablere tilsyn og oppfølging av avløpsanlegg.</p> <p>Ferdigstilling av kommunedelplan for vassforsyning, og kommunedelplan for avløp og overvatn.</p> <p>Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester</p> <p>Klausulere og sikre vasskjelder.</p> <p>Utvide kommunal vassforsyning og auka beredskap innan vassforsyning.</p>
Tilrettelegging for næringslivet	<p>Detaljregulering av næringsområde i området ved Langesethøgda/Skarsmyra.</p> <p>Plassere nye næringsareal i nærleik til hovudvegssystemet, primært kring Stryn sentrum og på Langeset. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, natur- og kulturlandskap og friluftsområde</p> <p>Regulering, innløyasing og opparbeiding av næringsareal.</p> <p>Rehabilitering av kommunale veggar for å auke berevne og framkomelegheit.</p> <p>Vidareutvikle Olden som cruisedestinasjon</p>

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>27 754</b>	<b>27 754</b>	<b>27 754</b>	<b>27 754</b>
Sum Vedtak forrige periode		-4 374	-4 544	-4 544	-4 544
Sum Lønns- og prisvekst		686	686	686	686
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-3 688</b>	<b>-3 858</b>	<b>-3 858</b>	<b>-3 858</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>24 066</b>	<b>23 897</b>	<b>23 897</b>	<b>23 897</b>
<b>Omstilling og effektivisering</b>					
Omstilling og effektivisering	Teknisk	0	-120	-240	-360
<b>Sum Omstilling og effektivisering</b>		<b>0</b>	<b>-120</b>	<b>-240</b>	<b>-360</b>
<b>Driftskonsekvens</b>					
Andre tiltak	Teknisk	0	0	0	-50
<b>Sum Driftskonsekvens</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-50</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Driftskonsekvens av endring av amortiseringsprinsipp KLP	Teknisk	-571	0	0	0
Innsparing teknisk sektor	Teknisk	-119	-119	-119	-119
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-690</b>	<b>-119</b>	<b>-119</b>	<b>-119</b>
<b>Nye tiltak</b>					
40011 Sommarstudentar frå NTNU - Forskningprosjekt (Wild Waters)	Teknisk	50	0	0	0
86056 Revurdering av kommunale vegar	Teknisk	100	0	0	0
Driftskostnader Per Bolstad Plass	Teknisk	50	50	50	50
Vegvedlikehald Maursetvegen	Teknisk	70	70	70	70
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>270</b>	<b>120</b>	<b>120</b>	<b>120</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>-420</b>	<b>-119</b>	<b>-239</b>	<b>-409</b>
<b>Ramme 2020-2023</b>		<b>23 646</b>	<b>23 777</b>	<b>23 657</b>	<b>23 487</b>

## Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000	Pri. Endringskode		Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
40010 Ny prosjektingeniør	0	Nytt tiltak	83	83	83	83
Auka driftsutgifter på feiarvesenet	0	Nytt tiltak	14	0	0	0
Auke i husleige beredskap mot akutt forureining	0	Nytt tiltak	5	5	5	5
<b>Sum</b>			<b>102</b>	<b>88</b>	<b>88</b>	<b>88</b>

### Nye tiltak

#### Auka driftsutgifter på feiarvesenet

Det er trong for auke i budsjettposten arbeidskle og vedlikehald transportmiddel. Bilane til feieveesenet er 10 år gamle og vedlikehaldet aukar.

#### Auke i husleige beredskap mot akutt forureining

Auka utgifter til husleige.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2020	2021	2022	2023	2020-23
<b>Teknisk</b>					
40009 Nykartlegging - ajourføring heile kommunen (flyfotokart)	500	0	0	0	500
44076 Storesunde Nymark VA	5 750	0	0	0	5 750
44077 Ombygging Tyva vassverk - Ny grunnvassbrønn	1 925	1 925	0	0	3 850
44078 Kartlegging og tilstandsvurdering av leidningsnett i Stryn sentrum	200	200	0	0	400
45060 Kloakksanering Perhustunet	0	1 000	0	0	1 000
45064 OV-grøft frå Bøahagen til Stryneelva	0	3 000	0	0	3 000
45074 Utbetring av skader - utsleppslinjer kloakk	400	0	0	0	400
45075 Utbetring av lekkasje overvasssystem gbnr 58/44, Kreklingen	700	0	0	0	700
46083 Geilevegen, rehabilitering av veg og leidningsnett	0	9 700	9 700	0	19 400
46199 Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus	2 350	7 000	0	0	9 350
46207 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2020	1 500	0	0	0	1 500
46208 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2021	0	1 500	0	0	1 500
46209 Bygging veg med fortau Solvik - Leite	16 000	16 000	0	0	32 000
46210 Forskottering gangveg Loen - Solvik	12 800	12 800	0	0	25 600
46213 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2022	0	0	1 500	0	1 500
46217 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2023	0	0	0	1 500	1 500
48023 2 nye feiebil 2020	1 525	0	0	0	1 525
48025 Ny brannstasjon i sentrum	0	5 000	50 000	15 000	70 000
48027 Ny brannstasjon ute (#1)	0	1 000	5 000	0	6 000
48028 Tøimestasjon Stryn sentrum - oppgradering	250	0	0	0	250
48029 Midlertidig tiltak brannstasjonar	3 300	0	0	0	3 300
<b>Sum Teknisk</b>	<b>47 200</b>	<b>59 125</b>	<b>66 200</b>	<b>16 500</b>	<b>189 025</b>
<b>Sum investeringsprosjekter</b>	<b>47 200</b>	<b>59 125</b>	<b>66 200</b>	<b>16 500</b>	<b>189 025</b>

### 40009 Nykartlegging - ajourføring heile kommunen (flyfotokart)

Starta i 2019 og må vidareførast i 2020.

### 44076 Storesunde Nymark VA

Vedtak KS059/18.

Gjeld etablering av vatn og avløp til 6 hytter og 3 bustadar ved Nymarka på Storesunde. For å få dette til må ein i tillegg til VA-grøft byggje trykkaukestasjon for vatn og veg fram til denne. I tillegg ynskjer ein å etablere høgdebasseng noko Storesunde vassverk manglar. Var løyvt i 2019, men på grunn av kapasitet må prosjektet overførast til 2020. Ny handsaming i kommunestyre i 2019 KS040 der anleggsbidrag på kr. 50.000,- er teke bort. Abonnentane skal i staden betale tilknytingsgebyr på kr. 5.000,- x 2 for vatn og avløp (gjeld eksisterande abonnentar) og framtidige abonnentar skal betale kr. 15.000,- x 2.

### 44078 Kartlegging og tilstandsvurdering av leidningsnett i Stryn sentrum

Under arbeid med kommunedelplan for avløp, og ved arbeid med reguleringsplan for Geilevegen er delar av området i Kreklingen/Geilevegen kartlagt. Det er dokumentert mykje havarerte leidningar, og

utslepp av kloakk til sentrumsbekkar. Behov for meir omfattande kartlegging for å finne det totale behovet for sanering.

#### **45060 Kloakksanering Perhustunet**

Gjeld sanering av næring og bustad frå gbnr 57/175 ved gamlebrua til gbnr 57/86. Kloakk frå området går i dag på Stryneelva. Er etablert delvis ferdig pumpestasjon ved gbnr 57/228 som lyt ferdigstillast.

#### **45064 OV-grøft frå Bøahagen til Stryneelva**

Etablering av overvassgrøft frå Bøahagen til Stryneelva.

#### **45074 Utbetring av skader - utsleppslinjer kloakk**

Utbetring og tilsyn av utsleppspunkt for avløp i sjø.

#### **45075 Utbetring av lekkasje overvasssystem gbnr 58/44, Kreklingen**

I området Kreklingen er det store skadar på avløpssystem. Tiltaket gjeld utbetring av en konkret skade på overvasssystem ovanfor gbnr 58/44.

#### **46083 Geilevegen, rehabilitering av veg og leidningsnett**

Rehabilitering av Geilevegen (679 m) inkl. fortau, naudsynte avkøyrslar og p-plassar. VA og gatelys, pluss naudsynte tiltak i Tonningsgrova.

#### **46199 Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus**

Tiltaket gjeld bygging av ny veg frå Fv722 til Grendahus på Storesunde i samsvar med reguleringsplan frå 25.6.2015. Stryn kommune har inngått rettsforlik der kommunen skal yte tilskot til gbnr 69/1 mot at kommunen slepp oreigning av areal til veg. Stryn kommune er saksøkt for manglande etablering av veg, okt 2017. I forhold til gjennomføringsevne er det lagt opp til oppstart i 2020 med ferdigstilling i 2021.

#### **46207 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2020**

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

#### **46208 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2021**

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

#### **46209 Bygging veg med fortau Solvik - Leite**

Veg frå Leitekviakrysset til Solvik med tilkopling til Fv60. Prosjektet må kome samtidig, eller før GS-veg Loen-Solvik.

Med dette tiltaket vil ein kunne vidareutvikle Rake bustadfelt. Er framleis ein stor del av feltet som var regulert i 1985 som ikkje er bygd ut.

#### **46213 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2022**

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

#### **46217 Opprusting og sikring av kommunale vegar 2023**

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

#### **48023 2 nye feiebil 2020**

Bilane til feiarvesenet er 10 år. Bilane er i god stand, men dei er ikkje oppbygde som feiebil. I pålegget frå arbeidstilsynet om kjemisk helsevern, er der strenge krav til arbeidsdagen til feiarane.

Dette er eit kombinert tiltak der gamle feiebilane blir overført til brannvesenet som ekstra mannskapsbil i Olden og Utvik. Brannmannskapa skal ikkje nytte privatbil til og frå ei hending. Det skal ikkje vere slik at ein drar med seg sot og skit inn i privatbilen eller heim. Kjøp av 2 bruktbilar kr. 200.000,- + 100.000 til ombygging som blir belasta brannvesenet.

#### **48025 Ny brannstasjon i sentrum**

Arbeidstilsynet har kome med pålegg om oppgradering av brannstasjonar i Stryn kommune. Dette tiltaket inneber bygging av ny brannstasjon i Stryn sentrum. Om ikkje ny brannstasjon vert bygd etter plan som blir godkjent av arbeidstilsynet innan 1.2.2020, vil Stryn kommune få dagbøter på kr. 10.000,-, dvs 3 mill pr. år. Kommunestyret må difor vedta midlar til bygging av ny brannstasjon ved handsaming av budsjett 2020.

#### **48027 Ny brannstasjon ute (#1)**

Arbeidstilsynet har kome med pålegg om oppgradering av brannstasjonar i Stryn kommune. Dette tiltaket inneber bygging/opprusting av ein eller to utestasjonar. Plassering må avgjerast i eiga sak i 2020.

#### **48028 Tøimestasjon Stryn sentrum - oppgradering**

Oppgradering av bubiltøimestasjon i Stryn sentrum som ligg ved Taxisentral. Behov for å betre dei sanitære forholda.

#### **48029 Midlertidig tiltak brannstasjonar**

I dette ligg der kjøp av vaskemaskiner og tørketrommel / tørkeskap  
Innkjøp av brakker som skal bli garderobar, dusj, WC, vaskesentral, - reine og skitne soner.

Arbeidstilsynet vil ikkje utsette dagmulkta frå 01.02.2020, utan at det er midlertidige tiltak på plass. Det som arbeidstilsynet vil ha på plass er skikkelege garderobeforhold, dusj, og reine og skitne soner. Og vaskeri til kle og utstyr.

Inntil områdereguleringsplanen for Stryn sentrum er ferdig er det svært utfordrande å få etablert ei ny tomt eller lokasjon til ny brannstasjon. Å bygge om noko i eksisterande stasjon som skal vare i 5 – 10 år vil bli svært kostbart. Dette har vi fått ei kalkyle på mellom 10 og 15 million, eksakt sum er vanskeleg å seie pga usikkerheit i forhold til elektriske anlegg, og VA anlegg. Det er også mykje asbest i huset som må sanerast.

Alternativet, om det er eit alternativ er å betale dagmulkt på 10.000 pr dag, då må det settast av om lag 3.000.000,- pr år, inntil ny brannstasjon er ferdig.

## Ønska investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2020	2021	2022	2023	2020-23
<b>Teknisk</b>					
42006 Ny plenklippartraktor til park og grønt	250	0	0	0	0
44079 Bil til vatn og avløp 2020	400	0	0	0	0
46198 Petterneset parkeringsplass, opprustning	1 200	0	0	0	0
47023 Ny kantklippar til traktor	0	600	0	0	0
47027 Sandstrøar til lastebil	370	0	0	0	0
47032 Nytt frontskjær snøbrøyting	200	0	0	0	0
47033 Ny bil park og grønt 2020	350	0	0	0	0
<b>Sum Teknisk</b>	<b>2 770</b>	<b>600</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum investeringsprosjekter</b>	<b>2 770</b>	<b>600</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 42006 Ny plenklippartraktor til park og grønt

Stryn kommune steller mykje plenareal. Det er behov for ny plenetraktor for stell av plenareal. Viktig med operativt utstyr for å kome rundt med plenslått i sommarhalvåret.

### 44079 Bil til vatn og avløp 2020

Det er behov for å skifte ein av bilane som driftsopetørane innan vatn og avløp nyttar. Tiltaket er tenkt delfinansiert ved sal av noverande bil.

### 46198 Petterneset parkeringsplass, opprustning

Tiltaket gjeld opprusting/ferdigstilling av kommunalt parkeringsareal ved Petterneset. Parkeringsplassen er skilta frå RV15, men har lenge framstått lite tiltalande. Tiltak som er tenkt gjennomført er mellom anna utgraving og masseskifting, veglys, reasfaltering, oppmerking av p-plassar.

Aktuelt å gå i dialog med kommersiell aktør for tilrettelegging av ladepunkt for EL-bil.

### 47023 Ny kantklippar til traktor

Kantklippar nyttast til stell av vegskråningar langs kommunal veg. Eksisterande klippar er slitt og ein har behov for ein ny.

### 47027 Sandstrøar til lastebil

Sandstrøar nyttast til strøing av sand på kommunale vegar og plassar når det er glatt. Noverande strøar er slitt og ein har behov for ein ny.

#### **47032 Nytt frontskjær snøbrøyting**

Frontskjer nyttast ved snøbrøyting av kommunale vegar og plassar. Noverande skjær er slete og ein har behov for eit nytt.

#### **47033 Ny bil park og grønt 2020**

Dagens bil er ein 1995modell Hiace bensin. Bilen har gått langt og er utslitt.





## Skattar, rammetilskot og finans

### Kostra-analyse

	Stryn 2017	Stryn 2018	Kostragruppe 10	Sogn og Fjordane	Landet uten Oslo
<b>Økonomi</b>					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6,7 %	7,0 %	9,4 %	7,5 %	11,1 %
Frie inntekter i kroner per innbygger	59 537	60 095	55 089	61 989	55 124
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,1 %	2,5 %	1,0 %	2,1 %	2,2 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	64 119	67 706	66 692	96 023	75 648
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	72,8 %	74,2 %	78,9 %	90,4 %	87,5 %

### Økonomi


#### Delmål

Hovedmål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostra gr
Godt økonomisk handlingsrom	Arbeidskapital fråtrekt premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt (likviditet) > 20%	Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	24,0 %	22,0 %	21,0 %	21,0 %	17,9 %
	Maksimum 80% av årlege investeringar kan lånefinansierast.						
	Netto driftsresultat minst 1,75 %	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,6 %				2,6 %
	Når disposisjonsfondet er under 10% av brutto driftsinntekt skal ein i budsjett ha minst 1,75% i netto driftsresultat som skal leggst til fondet.						
	Stryn kommune skal ha disposisjonsfond på 10% av brutto driftsinntekt.	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	8,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %	4613,5 %

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>-27 803</b>	<b>-27 803</b>	<b>-27 803</b>	<b>-27 803</b>
Sum Vedtak forrige periode		4 991	4 991	4 991	4 991
Sum Lønns- og prisvekst		-304	-304	-304	-304
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>4 687</b>	<b>4 687</b>	<b>4 687</b>	<b>4 687</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>-23 116</b>	<b>-23 116</b>	<b>-23 116</b>	<b>-23 116</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Driftskonsekvens av endring av amortiseringsprinsipp KLP	Skattar, rammetilskot og finans	7 841	791	265	-1 334
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>7 841</b>	<b>791</b>	<b>265</b>	<b>-1 334</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auka promillesats eidegdomsskatt	Skattar, rammetilskot og finans	-3 749	-3 749	-3 749	-3 749
Bruk av fritt disposisjonsfond etter vedtak i kommunestyret sak 163/19 - "Handlings- og økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020"	Skattar, rammetilskot og finans	37	73	72	70
Endring rente og avdrag etter vedtak i kommunestyret	Skattar, rammetilskot og finans	-37	-73	-72	-70
Rente og avdrag på investeringstiltak ØPL 2020-2023 - Formannskapet sitt framlegg	Skattar, rammetilskot og finans	2 368	6 322	10 520	14 185
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-1 381</b>	<b>2 573</b>	<b>6 771</b>	<b>10 436</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>6 459</b>	<b>3 364</b>	<b>7 036</b>	<b>9 102</b>
<b>Ramme 2020-2023</b>		<b>-16 657</b>	<b>-19 752</b>	<b>-16 080</b>	<b>-14 014</b>



## Forklaring av ord og omgrep

Budsjett og økonomiplan kan vere vanskeleg. Her forklarar vi nokre av dei orda og omgrepa vi brukar i økonomiplanen.

### **Avdrag**

I kommunal sektor ser vi avskrivningane som er gjort i driftsrekneskapen, men dei får ikkje effekt for resultatet. Derimot vert avdrag på lån ført som ei utgift i driftsrekneskapen. Stryn kommune lånefinansierer det aller meste av investeringane i anleggsmidlar som kan avskrivast. For å sikre at verdiane til kommunen ikkje minkar, er det etablert ein handlingsregel: Eit prinsipp om at avdraga skal betalast i takt med avskrivningane på anleggsmidlane.

### **Størrelsen på låneopptak**

Stryn kommune vil gjennom økonomiplanen ha ei auke i langsiktig gjeld. Kostra brukar indikatoren Netto lånegjeld, som er brutto lånegjeld med frådrag av utlån (startlån og andre utlån). Stryn kommune sin handlingsregel knytt seg til Kostra si netto lånegjeld med frådrag av låneopptak til vatn og avløp (VA), som blir sett på som sjølvfinansierande.

### **Kommunelova**

I kapittel 14 i Lov om kommuner og fylkeskommuner ([kommunelova](#)) er føresegnane for Økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, finansforvaltning og rapportering. Ny kommunelov gjeld frå 2020, og er tatt omsyn til i Økonomiplanen 2020-2023.

### **Kommunale resultatomgrep**

Bruken av ulike mål på kommunalt rekneskapsresultat kan forvirre. I forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar vert det omtalt rekneskapsmessig meir- og mindreforbruk, medan det i den obligatoriske hovudoversikten over drifta i kommunen er innført begrepa brutto og netto driftsresultat. Nedanfor vert desse og andre resultatformuleringar omtalt.

### **Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk**

Når ein kommune har høgare utgifter eller lågare inntekter enn budsjettet, blir det gjerne sagt at kommunen går med underskot. Meir presist er det å seie at kommunen har eit rekneskapsmessig meirforbruk.

Frå 2020 legg forskrift om årsbudsjett, økonomiplan etc. opp til at eit meirforbruk skal reduserast mest mogleg ved at overføring til investeringsrekneskapan vert redusert, fondsmidlar vert nytta osv. Eit mindreforbruk skal setjast av til disposisjonsfond.

I realiteten tyder dette at frå 2020 vil resultatbegrepa meir-/mindreforbruk ha mista tydinga si. Eit att ståande meirforbruk vil berre vere eit uttrykk for eit att ståande framført underskot til inndekning seinare år.

### **Brutto driftsresultat**

Brutto driftsresultat er differansen mellom driftsinntekter og driftsutgifter, der driftsutgiftene også inkluderer avskrivningar. Dette er såleis eit mål på om driftsinntektene til kommunen over tid held tritt med driftsutgiftene. Eit positivt brutto driftsresultat vil vere nødvendig dersom finansutgiftene (renteutgifter og avdrag) er større enn finansinntektene (renteinntekter og utbytte). Omgrepet blir relativt lite nytta.

### **Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat er det mest brukte resultatomgrepet i kommunesektoren. Dette resultatet kjem fram som ein differanse mellom driftsinntekter, driftsutgifter og netto finansutgifter. Resultateffekten av avskrivningane er her eliminert. Om kommunen har halde seg innanfor budsjettet er derimot ikkje eit tema for dette omgrepet. Eit positivt netto driftsresultat er ei forutsetning for å kunne eigenfinansiere investeringar (redusere nye låneopptak) og bygge opp disposisjonsfond (etablere bufferar). Ei svakheit ved netto driftsresultat er at det ikkje gir eit godt nok bilde av den meir langsiktige økonomiske utviklinga i ein kommune. Eit lavt vedlikehaldsnivå vil for eksempel påverke driftsresultatet positivt. Ei anna innvending er at avdrag, og ikkje avskrivningar inngår i resultatbegrepet, slik at det ikkje blir teke nok omsyn til kapitalslitet.

Dette er eit argument for at kommunane bør ha eit netto driftsresultat som tilsvara minimum 1,75 % av driftsinntektene. Ein annan ting er at avsetningar til bundne fond (øyremerka formål) vil bidra til positive driftsresultat i det året pengane vert sette av i rekneskapan, men vil svekke resultatet tilsvarande når midlane skal brukast i drifta seinare år. Endringar i pensjonspremieavvik og dekning av tidlegare års underskot vil også påverke driftsresultatet, utan at dette bidrar til å gi et bilde på den reelle økonomiske situasjonen i det aktuelle rekneskapsåret.

### **Premieavvik og pensjon**

Pensjonskassene bereknar ein premie som skal innbetalast med utgangspunkt i reglar og kriteria gitt av Finanstilsynet. For å berekne kostnaden kommunen kan utgiftsføre i rekneskapan, er det reglar gitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som gjeld. Dersom innbetalt premie er høgare enn tillate kostnadsnivå, må kommunane inntektsføre mellomverande, premieavviket, i rekneskapsåret. Inntektsføringa skal utgiftsførast over anten 1 eller 7 år. Er kostnaden høgare enn premien, vert premieavviket behandla som over, men med motsett fortegn.

### **Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar**

Det overordna målet med inntektssystemet er å jamne ut føresetnadane til kommunane for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Ved fordelinga av rammetilskotet vert det teke omsyn til strukturelle skilnader i kostnadar i kommunen (utgiftsutjamning) og forskjellar i skatteinntektene (skatteutjamning eller inntektsutjamning). Skatt og rammetilskot er kommunen sine frie inntekter. Saman med momskompensasjonen skal desse inntektene dekke ca. 80 % av utgiftsbehova i kommunen.

For dei resterande 20 % må kommunane sjølv skaffe inntekter, som til dømes brukarbetaling, utbytte, eigedomsskatt og finansinntekter.

Skatteinntektene til kommunane er andel av innbyggjarane sin innbetalte skatt på formue og inntekt. Innbetalt skatt blir fordelt til kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Også når det gjeld skatteinntektene er det ei ordning i inntektssystemet som delvis tek i vare at kommunane har ulik skatteinntekt pr. innbyggjar. 10 gongar årleg vert det utrekna ei gjennomsnittleg inntekt pr. innbyggjar for landet totalt og pr. kommune. Kommunar som har skatteinntekter utover landsgjennomsnittet får eit trekk som blir brukt til kompensasjon til dei kommunane som har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. Kommunane blir ikkje justert heilt ned eller helt opp til landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet vert rekna som låginntektskommunar. Stryn kommune er ein låginntektskommune.

Sjå Portal for frie inntekter ([frieinntekter.regjeringen.no](http://frieinntekter.regjeringen.no)) som beskriv alle elementa rammetilskota for kvar kommune



## Vedlegg

## Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd

### BUDSJETT 2020 - Økonomiplan 2020-2023

#### Presentasjon:

Stryn Kyrkjelege Fellesråd skal levere eit konsekvensjustert budsjett som syner utgifter til noverande drift, der eventuelle endringar i løpet av 2019 er bakt inn. Forslaget vert sendt kommuneadministrasjonen med eit grunngjeve forslag til ramme.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Kyrkjelova §14

Forskrift om budsjettering, rekneskapsføring og revisjon for kyrkjelege fellesråd og sokneråd. Økonomireglement for fellesrådet.

Aktuelt sakstilfang:

#### Vedlagt:

Forslag til Budsjett 2020

Forslag til Økonomiplan 2020-2023

#### Saksopplysningar:

#### Forslag til driftsbudsjett 2020:

Kostnader for dei ulike ansvar og tenester	Budsjettår 2019	Budsjettår 2020
11/390 Kyrkjevevrekontor	1.419.500	1.508.667
21/390 Kyrkjeleg administrasjon	154.800	214.795
21/391 Kyrkjer	1.939.000	1.941.265
21/392 Andre kyrkjelege føremål	134.500	178.900
21/393 Kyrkjegardar	2.089.100	2.044.858
21/880 Statstilskot og finanstransaksjonar	-10.000	-10.000
22/392 Konfirmantundervisning	20.000	21.590
23/392 Kateket	730.400	822.740
24/392 Trusopplæring	79.700	174.314
25/390 Prestekontor i Innvik	59.600	59.600

**Framlegg prioriterte tiltak 2020:**

Pri.	Tiltak	Kostnad	Anka behov i rammetilskot	år 2020	år 2021	år 2022	år 2023
	<b>Drift og vedlikehold</b>						
1	Tilstandsrapportar		100 000	100 000		100 000	
2	Lærling i barne- og ungdomsarbeid (netto kostnad)	70 000	70 000	70 000	70 000		
3	Programvare	15 000	15 000	15 000	30 000	30 000	30 000
4	Sekretærressurs sokneråd	50 000		50 000	50 000	50 000	50 000
	<b>Investeringar</b>						
1	Minnelund Oppstryn	50 000		50 000			
2	Universell tilkomst, Utvik kyrkje	75 000		75 000			
3	Rehabilitering og måling, Nordsida kyrkje	1 000 000		500 000		500 000	
4	Utvendig måling av Innvik kyrkje	500 000		500 000			
5	Nordsida HC-toalett/reiskapshus	950 000		250 000		700 000	
	Utvendig måling av Randabygd kyrkje	500 000			500 000		
	Rehabilitering tak Olden gamle kyrkje	500 000			500 000		
	Lynvernanlegg Olden kyrkje	300 000			300 000		
	Lynvernanlegg Utvik kyrkje	300 000			300 000		
	Lynvernanlegg Randabygd kyrkje	300 000			300 000		
	Minnelund Loen	40 000				40 000	
	Golvteppe Olden	300 000				300 000	
	Golvteppe Nordsida	400 000				400 000	
	Golvteppe Nedstryn	400 000					400 000
	Golvteppe Innvik	300 000					300 000
	Asfaltering parkeringspl. Oppstryn, Nordsida, Nedstryn, Olden	500 000					500 000
	Reiskapshus i Olden	450 000					450 000
	Brannslangar/overrisslingsanlegg i 7 kyrkier	4 900 000					4 900 000
	Taktekking Nordsida kyrkje						
	Utvendig måling av Loen kyrkje						
	Utvendig måling av Nedstryn kyrkje						
	Utvendig måling av Oppstryn kyrkje						
	Rep. orgel Olden kyrkje						
	Rep. orgel Randabygd kyrkje						
	Driftsbygg Nedstryn						
	Nedstryn gravplass - plan for utviding						



## **Vurdering:**

### **Kommentar til nokre av postane i driftsbudsjettet for 2020:**

**Lønnskostnader generelt:** løn etter tariffoppgjeret 2019 er lagt til grunn, med ein felles pott for lønsauke 2020.

**KLP-premie** er utrekna etter tilsendt premieprognose pr. 01.10.19, og er på 17,77%

### **Vedlikehald av bygningar og maskiner:**

Løpande vedlikehald av kyrkjebygga må intensiverast.

### **Kjøp av tenester:**

Det er trong for å kjøpe tenester til større tiltak som Internkontroll av el.anlegg og Tilstandsrapportar for kyrkjebygg.

### **Lærlingordning:**

vert planlagt som eit prøveprosjekt der vi er biarbeidsgjevar for lærling som formelt er tilsett i kommunen.

### **Kyrkjeleg administrasjon:**

Kun fire av åtte sokneråd har lønna sekretær. Det er eit mål å kunne tilby slik hjelp til alle sokneråda. På kyrkjekontoret er det trong for å ta i bruk supplerande programvare for arbeidstidsplanlegging/-registrering.

### **Kommentarar til prioriterte investeringstiltak for perioden 2020-2023:**

#### **1. Minnelund Oppstryk**

Soknerådet har jobba lenge med planar med namna minnelund, tiltaket blir etterspurd og bør no realiserast.

#### **2. Universell tilkomst Utvik kyrkje**

Soknerådet har fått utarbeidd skisse, det vert arbeidd med å få tiltaket godkjent med tanke på snarleg realisering.

#### **3. Rehabilitering og utvendig måling av Nordsida kyrkje**

Nordsida kyrkje er ei arbeidskyrkje i betong, bygd år 1973, og er den yngste av kyrkjene i Stryn kommune. Betongkyrkja ber preg av dårleg vedlikehald over tid, ho vart sist måla i 2008. Det er sprekker i betongen som må utbetrast i samband med måling. Det er trong for betre drenering, det er i løpet av 2019 gjort noko tiltak for betre drenering i samband med utviding av kyrkjegarden og etablering av sokkel for tilbygg. Utsifting av treverket i tårn er no det mest presserande.

#### **4. Utvendig måling, Innvik kyrkje**

Innvik kyrkje vart sist måla i 2005, det er behov for snarleg måling.

#### **5. HC-toalett og reiskapshus til Nordsida kyrkje**

I samband med utviding av gravplassen på Nordsida har soknerådet teke initiativ til å lage sokkel for tilbygget, med ei bod under. Dette er realisert ved at soknerådet har forskottert tiltaket. Tilbygget får og eit lagerrom med inngang frå våpenhuset.

## **6. Utvendig måling, Randabygd kyrkje**

Randabygd kyrkje vart sist måla i 2010, det er behov for snarleg måling.

## **7. Rehabilitering av tak, Olden gamle kyrkje**

Det er tidvis lekkasje frå taket , råteskader er påvist, men omfanget er ukjent. Det må gjennomførast tilstandsanalyse for å få best mogleg kunnskap om tilstanden, konkret tiltak og prioritering må deretter vurderast.

## **8. Lynvernanlegg Olden (nye) kyrkje**

Vi har lynvernanlegg i alle kyrkjene så nær som Olden, Utvik og Randabygd. Av desse må Olden kyrkje prioriterast fyrst på grunn av beliggenheita og dei spesielle stål bardunane som gjer denne kyrkja serleg utsett.

## **9. Lynvernanlegg Utvik kyrkje**

Kyrkja manglar dette.

## **10. Lynvernanlegg Randabygd kyrkje**

Kyrkja manglar dette.

## **11. Minnelund Loen**

Soknerådet har teke initiativ for å få ein namna minnelund på gravplassen.

## **12. Golvteppe Olden kyrkje**

Golvteppe i midtgang – stor slitasje. Svært mykje turistar innom gjennom heile sommaren.

## **13. Golvteppe i Nordsida kyrkje**

Gamal filt. Samlar mykje støv og skitt –fleire alternativ blir vurdert.

## **14. Golvteppe i Nedstryn kyrkje**

Stor slitasje, bør skiftast.

## **15. Golvteppe i Innvik kyrkje**

Slitasjen blir meir og meir synleg trass forsøk på reparasjon. Må skiftast.

## **16. Asfaltering parkeringsplass v/ Oppstryn, Nordsida, Nedstryn og Olden kyrkje**

Svært dårleg tilstand fleire stader. Olden sokneråd såg seg nøydd til å «lappe» dei verste holene ved Olden kyrkje sist sommar, forskottert av soknerådet.

## **17. Reiskapshus Olden (nye) kyrkje**

Under orkanen «Dagmar» vart det gamle reiskapshuset øydelagt. Det er behov for å setje opp eit bygg som bør ha god lagerkapasitet, også til maskiner.

## **18. Brannslager/overrislingsanlegg i 7 kyrkjer**

Dette er ei stor kostnad, men vil gje stor reduksjon av forsikringspremie. KNIF (Knif Trygghet forsikring) gjer opptil 90% reduksjon i forsikringspremie.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

I det ein viser til saksutgreiinga er det behov for slike midlar i 2020:

Rammetilskot for 2020 vert berekna til Kr. 6.538.000

Fellesrådet ber om auke i rammeoverføringa for 2020 på grunnlag av auka lønn ved tarifforhandlingar og generell prisstigning.

Ein ber om at vedlagde liste med framlegg til nye tiltak, vert lagt til grunn for prioritering av nye tiltak for drift og investeringar.

I fellesrådet si handsaming av saka vart det peika på at ein del tiltak som er vedlikehaldstiltak, var sett opp som investering. Dette gjeld hovudsakleg utvendig måling av kyrkjene, som ikkje er investering, men vedlikehald. Dette er retta opp nye prioriteringar vart gjort i tiltakslista som utgjer vedtaket i saka.

Forslag til driftsbudsjett for 2020 vart vedteke slik som det vart framlagt. Dette medfører at ein legg opp til å bruke kr. 418.729 av eige disposisjonsfond for at drifta skal gå i balanse.

**Vedtak:**

Framlegg til budsjett vert vedteke slik det ligg føre, det medfører bruk av kr. 418.729 frå eige disposisjonsfond.

I det ein viser til saksutgreiinga er det behov for slike midlar i 2020:

Rammetilskot frå Stryn kommune for 2020 vert berekna til Kr. 6.538.000

Fellesrådet ber om auke i rammeoverføringa for 2020 på grunnlag av auka lønn ved tarifforhandlingar og generell prisstigning.

Ein ber om at vedlagde liste med framlegg til nye tiltak, vert lagt til grunn for prioritering av nye tiltak for drift og investeringar.

Økonomiplan for SKF 2020 til 2023							
Pri.	Tiltak	Kostnad	Auka behov i rammetilskot	år 2020	år 2021	år 2022	år 2023
<b>Drift og vedlikehald</b>							
1	Tilstandsrapportar	100 000	100 000	100 000		100 000	
2	Rehabilitering og måling, Nordsida kyrkje	1 000 000	500 000	500 000		500 000	
3	Utvendig måling av Innvik kyrkje	500 000	500 000	500 000			
4	Lærting i barne- og ungdomsarbeid (netto kostn.)	70 000	70 000	70 000	70 000		
5	Programvare	15 000	15 000	15 000	30 000	30 000	30 000
6	Sekretærressurs sokneråd	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000
	Utvendig måling av Randabygd kyrkje	500 000			500 000		
	Rehabilitering tak Olden gamle kyrkje	500 000			500 000		
	Taktekking Nordsida kyrkje						
	Utvendig måling av Loen kyrkje						
	Utvendig måling av Nedstryn kyrkje						
	Utvendig måling av Oppstryn kyrkje						
	Rep. orgel Olden kyrkje						
	Rep. orgel Randabygd kyrkje						
<b>Investeringar</b>							
1	Minnelund Oppstryn	50 000		50 000			
2	Universe II tilkomst, Utvik kyrkje	75 000		75 000			
3	Nordsida HC-toalett/reiskaps hus	950 000		250 000		700 000	
	Lynvernanslegg Olden kyrkje	300 000			300 000		
	Lynvernanslegg Utvik kyrkje	300 000			300 000		
	Lynvernanslegg Randabygd kyrkje	300 000			300 000		
	Minnelund Loen	40 000				40 000	
	Golvteppe Olden	300 000				300 000	
	Golvteppe Nordsida	400 000				400 000	
	Golvteppe Nedstryn	400 000					400 000
	Golvteppe Innvik	300 000					300 000
	Asfaltering parkeringspl. Oppstryn, Nordsida, N	500 000					500 000
	Reiskaps hus i Olden	450 000					450 000
	Brannslangar/overislingsanlegg i 7 kyrkjer	4 900 000					4 900 000
	Driftsbygg Nedstryn						
	Nedstryn gravplass - plan for utviding						

Sign.

Kari Synnøve Muri  
-sekr

## Budsjett Kontrollutvalet

Vedlagt er kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett 2020 for utvalet sitt område. Framlegget:

*Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett 2020 for drift av kontrollutvalet:*

<b>Tekst</b>	<b>B2019</b>	<b>B2020</b>
<i>Godtgjersle folkevalde</i>	45 000	45 000
<i>Arbeidsgjevaravgift</i>	5 000	5 000
<i>Opplæring / kurs</i>	15 000	30 000
<i>Skyss / diett</i>	10 000	10 000
<i>Kontingent FKT</i>	6 000	6 000
<i>Innkjøp av nettbrett</i>		10 000
<b>Sum</b>	<b>81 000</b>	<b>106 000</b>

–Minner for ordens skuld om at budsjett for revisjon og sekretariat kjem frå selskapa sine styre.

Vedlagt følgjer budsjett og arbeidsplan 2020 for SEKOM-sekretariat.

Eg viser også til tidlegare oversending av tilrådd ny samarbeidsavtale (e-post av 4.7.19). For heilskapen si skuld, legg eg også ved sak om forretningsplan som var handsama i same styremøte som budsjett og arbeidsplan.

De finn meir informasjon både om SEKOM og kontrollutvala på nettsidene [www.sekom.no](http://www.sekom.no)

Stipulert fordeling av kostnader for 2020 er slik:

<b>Kommune</b>	<b>B2020</b>
Askvoll	167 000
Bremanger	181 000
Fjaler	162 000
Sunnfjord	675 000
Gloppen	232 000
Gulen	152 000
Hyllestad	127 000
Solund	105 000
Stryn	259 000
<b>Sum</b>	<b>2 060 000</b>